



# MASTEROPPGÅVE

Sportsleg tilbud for jenter i Sogn og Fjordane Fotballkrets –  
Opplevingar frå eit trenarperspektiv

Sports opportunities for girls in Sogn og Fjordane soccer district-  
Experiences from a coaching perspective

**Marthe Kveane**

MIDR506-1

Høgskulen på Vestlandet, Sogndal, Idrettsvitenskap

Birte Barsnes Frøyd og Vegard Fusche Moe

03.06.2021

## Forord

Denne oppgåva markera slutten på ein prosess som har vore både givande og utfordrande. I eit utfordrande år har motivasjonen gått i bølgedalar, og det kjennest godt å endeleg vere i mål. Det er mange som på dette tidspunktet fortenar ei stor takk for støtte undervegs i denne prosessen.

Først og fremst vil eg takke alle trenarane som stilte opp til intervju og delte sine opplevingar. Utan dikka kunne eg ikkje gjennomført studien og oppgåva som planlagt, og eg er svært takknemleg for at de ville bidra i mitt prosjekt.

Eg vil rette ei stor takk til rettleiarane mine, Birte Barsnes Frøyd og Vegard Fusche Moe. God kunnskap og rettleiing har gjort prosessen enklare og meir givande. Tusen takk for gode innspel og tilbakemeldingar undervegs i heile prosessen.

Til slutt må eg takke familie, venner og kjæraste for støtte, inspirasjon og motivasjon det siste året. Ei ekstra takk til Inger Helgestad for alle studietimar i kantina, på høgskulen og på Kaupanger gjennom året. Takk for samtalar og motivasjon til oppgåva, og alle samtalar om alt anna her i livet. Dette året hadde ikkje vore det same utan deg.

Marthe Kveane

Sogndal, 03.06.2021

## Samandrag

I denne masteroppgåva har eg undersøkt det sportslege tilbodet for jenter i Sogn og Fjordane Fotballkrets. Norges Fotballforbund har ein visjon om «fotball for alle», og at alle skal ha eit godt tilbod og moglegheita til å utvikle sitt potensial, uavhengig av kjønn, ambisjonar, alder og bakgrunn (Larsen, 2011). Formålet med dette prosjektet var å undersøke tilbodet for jenter i eit utval klubbar i Sogn og Fjordane. Eg ville undersøke om klubbane har plass til alle, uansett ambisjonar, for dei som vil vere med for moro og dei som ynskjer å satse på fotballen.

Problemstillinga for prosjektet er: «Korleis opplever trenarar det sportslege tilbodet for jenter i eigen klubb? Er det forskjellar i klubbane med damelag og klubbane utan damelag?».

For å undersøke problemstillinga har eg nytta tre modellar. Topp/breidde modellen (Larsen, 2011), arenamodellen (Larsen, 2011) og ATDE-modellen (Henriksen, 2010). Ved bruk av desse modellane er fotballspelaren satt i sentrum av fotballaktiviteten, omringa av faktorar og påverknader som vil påverke det sportslege tilbodet, for å syne korleis ulike faktorar i livet til ungdommen vil påverke tilbodet deira.

Det er nytta kvalitative intervju for å samle inn data og undersøke opplevingane til trenarane. Tre trenarar frå klubbar med damelag og tre trenarar frå klubbar utan damelag er intervjuja. Materialet som er henta inn frå intervjuja har danna grunnlaget for tematisk analyse i form av systematisk tekstkondensering og resultat.

Funna i prosjektet syner at samtlege trenarar opplever at jentene får vere med i fotballen ut frå sine ynskjer og interesser. Men resultatata syner at trenarane opplever at jentene ikkje har eit like godt tilbod som gutane i klubben. Det er og funne nokre forskjellar i klubbane knytt til sportsleg styring, miljø og fråfall. I klubbane med damelag verkar det å vere betre sportsleg styring enn i klubbane utan damelag. Trenarar i klubbar med damelag gir uttrykk for å jobbe lite med miljøet i laget og i desse klubbane fell spelarane frå i overgangen småjentelag til jentelag. Klubbane utan damelag jobbar med miljøet i laget og opplever at spelarane er med så lenge dei har eit tilbod i klubben.

Funna i denne studien tyder på at alle jenter som vil spele fotball får eit tilbod. Men at klubbane har eit potensial til å behalde fleire spelarar lenger, både i klubben, og gjennom

samarbeid med andre klubbar. Og at det endå er ein veg å gå for likestilling i fotball.

## Abstract

In this master thesis, I have examined the sports opportunities for girls in Sogn og Fjordane soccer district. The Norwegian Football Association has a vision of «soccer for everyone», and that everybody should have the opportunity to develop their potential, regardless of gender, ambitions, age and background (Larsen, 2011). The purpose of this project was to examine the opportunities to girls in a selection of clubs in the soccer district in Sogn og Fjordane. I wanted to examine if the clubs were inclusive for everyone, regardless of ambitions. For those who want to join for fun and those who wants to see how good they possibly can become.

The approach to the problem for the project is: «How do coaches experience the sport opportunities for girls in their own club? Are there differences in the clubs with women's teams and the clubs without women's teams?».

To examine the approach to the problem, i have used three models. The top/width model (Larsen, 2011), the arena model (Larsen, 2011) and the ATDE-model (Henriksen, 2010). By using these models, the soccer player is placed in the centre of the soccer activity, surrounded by factors and influences that will affect the sporting opportunities. To see how different factors and persons in the lives of young people will affect their progression.

Qualitative interviews are used for collecting data and examining the experiences of the coaches. The material obtained from the interviews formed the basis for analysis and results. This consists of the coaches experiences related to the sport oportunities girls receive in their own club.

The findings of the project show that all the coaches experience that the girls are allowed to join the soccer based on their wishes and interests. The results show that in the coaches experience, the girls do not have as good opportunities as the boys, in the club. Some differences have been found in the clubs related to sports management, environment and dropout. In the clubs with women's teams, there is a better sports management strategy than in the clubs without women's teams. The clubs with women's teams do not work much with the environment within the team and experiences that the players dropout before the starting

the girls 15/17 team. The clubs without a women's team, work with the environment in the team and experience that the players are involved in soccer as long as they have a place in the club.

The findings in this study indicate that all girls who want to play soccer receive opportunities and a place within their club. All the clubs have the potential to work to retain more players longer both within the club and through collaboration with other clubs. But there is still a way to go for equality in soccer.

# Innholdsliste

Forord.....	
Samandrag.....	
Abstract .....	
Innholdsliste .....	
1.0 Innleiing.....	1
1.1 Tidlegare forskning.....	2
1.1.1 Kvinnefotball.....	2
1.1.2 Deltaking.....	4
1.1.3 Fråfall .....	5
1.2 Problemstilling .....	7
1.2.1 Sportsleg tilbod.....	7
1.2.2 Opplevelse .....	7
2.0 Modellar .....	9
2.1 Topp og breidde .....	9
2.2 Arenamodellen.....	10
2.3 Athletic Talent Development Enviornment (ATDE) .....	12
2.3.1 Mikronivå.....	14
2.3.1.1 Klubben .....	14
2.3.1.2 Trenaren .....	15

2.3.1.3 Treningstilbod .....	16
2.3.2 Makronivå.....	17
2.3.2.1 Norges idrettsforbund.....	17
2.3.2.2 Norges Fotballforbund .....	18
2.3.2.3 Sogn og Fjordane Fotballkrets.....	19
3.0 Metode .....	21
3.1 Kvalitativ forskning.....	21
3.2 Eigen forforståing.....	21
3.3 Utval .....	22
3.3.1 Utval til intervju .....	23
3.4 Kvalitativt intervju.....	24
3.4.1 Intervjuguide.....	24
3.4.2 Gjennomføring av intervju .....	25
3.5 Analyse av datamaterialet .....	26
3.5.1 Transkribering.....	26
3.5.2 Analysetrinn.....	27
3.6 Validitet, reliabilitet og generaliserbarheit.....	29
3.6.1 Pålitelegheit (reliabilitet) .....	29
3.6.2 Truverdigheit (Validitet) .....	29
3.6.3 Overførbarheit.....	30
3.7 Etikk.....	31

3.7.1 NSD .....	31
3.7.2 Infomert samtykke.....	31
3.7.3 Konfidensialitet.....	31
3.8 Metodediskusjon .....	32
4.0 Resultat.....	33
4.1 Treningstilbud .....	33
4.1.1 Sportsleg styring .....	33
4.1.2 Trenarkompetanse .....	34
4.1.3 Hospitering og differensiering .....	35
4.2 Klubbmiljø .....	36
4.2.1 Fotball for alle .....	36
4.2.2 Miljøet i laget.....	38
4.2.3 Andre interesser .....	39
4.3 Kjønn .....	40
4.3.1 Færre jenter.....	40
4.3.2 Meir seriøs med gutar .....	41
4.4 Fråfall.....	42
4.4.1 Når skjer fråfallet .....	42
4.4.2 Årsaker til fråfall .....	43
4.4.3 Skuletilbod .....	44
5.0 Diskusjon .....	45



5.1 Mikronivå – det idrettslege.....	45
5.2 Mikronivå – det ikkje idrettslege .....	50
5.3 Holistisk – økologisk perspektiv .....	53
6.0 Oppsummering.....	54
6.1 Styrker og svakheiter .....	54
6.2 Veggen vidare .....	54
7.0 Referanseliste.....	56
VEDLEGG 1 - Informasjonsskriv.....	61
VEDLEGG 2 – Godkjenning frå NSD .....	66
VEDLEGG 3 – Intervjuguide .....	68



## 1.0 Innleiing

Hvordan kan vi få med flest mulig barn og ungdom og holde dem lengst mulig i fotballfamilien, ja, helst hele livet? Og i tillegg, hvordan kan vi legge til rette for at spillerne rett og slett blir best mulig, ut fra sine forutsetninger? (Larsen, 2011, s.18).

Sitatet over er henta frå boka «*Flest mulig, lengst mulig, best mulig*», ei bok om barne- og ungdomsfotballen i Norge (Larsen, 2011). Tittelen på boka synleggjer Norges Fotballforbund (heretter NFF) sine målsettingar for barne- og ungdomsfotballen. At «flest mogleg» skal delta tyder at fotballen skal vere for alle, uavhengig av bakgrunn, ferdigheitsnivå og ambisjonar. Med «lengst mogleg» ynskjer ein at fråfallet i fotballen skal vere så lite som mogleg. At kvar og ein skal få høve til å bli «best mogleg» tyder at ein kvar spelar skal få moglegheit til å nå sitt potensial, og bli så god som ein kan bli (Larsen, 2011).

Målsettinga i barne- og ungdomsfotballen gjenspeglar NFF sin visjon gjennom mange år «fotball for alle» (Larsen, 2011). I strategiplanen som strekker seg frå 2020-2023 er visjonen utvida til «fotball for alle – glede, drømmer og fellesskap» (NFF, 2020<sup>a</sup>). Alle som ynskjer å vere med i fotballen skal få vere med og få eit godt tilbod, uavhengig av kjønn, ambisjonar, alder og bakgrunn (Larsen, 2011). Ungdom vil ha ulike interesser for å vere med i fotballen. Nokre ungdommar vil bruke mykje tid på trening for å bli best, medan andre vil vere med fordi det er moro. Det er svært få som vil bli toppspelarar, men svært mange vil utvikle eit livslangt kjærleiksforhald til spelet, både som spelar og tilskuar (NFF, 2021<sup>a</sup>).

Men greier ein å fange opp alle, og gi alle som vil spele fotball eit godt tilbod? Er det plass til dei som berre vil vere med for moro, og dei som ynskjer å satse på fotballen? Er fotball endå ein «guteidrett»? Eller er det eit like godt tilbod til både gutar og jenter i fotballklubbane rundt om i landet vårt?

I denne oppgåva vil eg sjå nærare på kva som kjenneteiknar den sportslege tilrettelegginga for jenter i alder 15-17 år i Sogn og Fjordane fotballkrets (heretter SFFK). For å få tak på dette vil eg snakke med trenarane til jentene. Det er dei som har det operative ansvaret for at trenings- og kampkvardagen til jentene blir så god som mogleg. Eg skal, med andre ord, gjennomføre ei kvalitativ intervjustudie, der eg lurar på korleis trenarane til jentene opplever og forstår

treningstilbudet for jenter i nokre utvalte fotballklubbar i SFFK

## 1.1 Tidlegare forskning

Før eg presenterer problemstillinga vil eg gjere rede for eit historisk bakteppe og tidlegare studier knytt til fotball for kvinner. Eg vil byrje med å belyse korleis fotballen har bevegde seg frå å vere ein idrett forbeholdt «tøffe menn», til å bli ein idrett der ein ynskjer å satse på jenter og kvinner. Deretter vil eg gå inn på jenter og gutar si deltaking i fotball, før eg avsluttande tek for meg fråfall i fotballen og faktorar til kvifor ungdom vel å slutte med fotball.

### 1.1.1 Kvinnefotball

Fotball er i dag ein stor idrett over heile verda (Lesjø, 2008). I Norge har den vakse fram til å bli den største idretten for både gutar og jenter (Larsen, 2011). Frå å vere ein amatøriddrett for tøffe menn, er fotballen i dag både breidde- og eliteidrett for gutar, jenter, kvinner og menn (Ronglan, 2013).

Fokus på jenter og kvinner i fotballen er eit satsingsområde for NFF. Det ser ein i strategiplanen til forbundet, som strekk seg fram til 2023 (NFF, 2020<sup>a</sup>). For å auke rekruttering og få fleire jenter med i fotballen skal tilbodet til ungdommen leggjast til rette med bakgrunn i deira interesser og behov. Ved å få eit innblikk i motivasjonen til jentene vil ein kunne legge til rette for eit betre lågterskeltilbod, og styrke tilbodet heilt frå barnefotballen og opp til seniorfotballen, både i toppfotballen og breiddefotballen (NFF, 2020<sup>a</sup>).

Strategiplanen (NFF, 2020<sup>a</sup>) inneheld fem prioriterte oppgåver ein skal jobbe med for å fleire jenter og kvinner inn i fotballen, både på og utanfor bana.

- 1: Det skal utarbeidast ein heilheitleg strategi for kvinnefotballen i Norge.
- 2: Det skal leggjast til rette for eit likeverdig tilbod for begge kjønn i klubb, krets og på landslag.
- 3: Utdanne fleire kvinnelege trenarar, leiarar og dommarar.
- 4: Ein skal jobbe for å styrke innsikten om utviklingsløpet til jenter og kvinner.
- 5: Det skal jobbast for å rekruttere fleire kvinnelege dommarar.

Både i Norge og ute i Europa har dei største fotballklubbane byrja å satse meir på

kvinnefotballen dei seinare åra. Særleg i toppfotballen har store klubbar brukt mykje peng på å gi kvinner moglegheita til å leve av fotballen på like linje med menn (Johannessen, 2019<sup>a</sup>). Lag som Manchester City, Manchester United og PSG har etablert og satsa stort på kvinnelag (Johannessen, 2019<sup>a</sup>). Nasjonalt har fleire av toppklubbane valt å etablere kvinnelag, til dømes Vålerenga og Rosenborg. Trondheims-Ørn blei til Rosenborg i februar 2020, frå å vere ein klubb på nedre del av tabellen har dei fått ressursar til å hevde seg i toppen (Berg, 2020).

Sjølv om kvinner i dag får vere med i fotballen i større grad, og i større grad enn tidlegare blir satsa på, så er det endå forskjellar mellom kjønna. Fotballen blir endå sett på som ein maskulin idrett (Fasting & Sand, 2009). Det blir sagt at kvinnekroppen ikkje dug til spelet (Hjelseth & Hovden, 2014), og at kvinnefotball ikkje er skikkeleg fotball (Rødland, 2018). Dette er noko som sannsynlegvis heng saman med at fotballen i utgangspunktet var tiltenkt tøffe menn, tradisjon og tru. I byrjinga hevda ein også at fotball var upassande for kvinner og kunne øydeleggje reproduksjonsevna (Lesjø, 2008). Det er i dag ingenting som tilseier at fotballen passar betre for menn enn for kvinner. Slike biologiske forklaringar held ikkje mål i dag (Ronglan, 2013).

Emneknaggen #MismaPasión, på norsk «same lidenskap» spreidde seg på sosiale medium våren 2021. I Norge har kampanjen fått stor merksemd med bakgrunn i at mange opplever at jenter og gutar ikkje får eit likt tilbod og at kvaliteten på treningane er høgare på gutesida, sjølv om jentene brenn for fotballen på lik linje med gutane (Westlye, 2021). Mange opplever at treningskulturen på jentesida er annleis, men no må jentene takast på alvor og dei som ynskjer å bli gode må få moglegheita til det. Westlye (2021) skriv i sin kronikk at jenter blir dilla meir med, det er akseptert å slå hjul og surre rundt på trening, og setninga ein høyrer er «dei er berre jenter» (Westlye, 2021). Trenarar opplever at gutane blir prioritert framfor jentene frå ung alder, og jentene får generelt eit dårlegare treningstilbod (Kriszat, 2019). Kriszat (2019) skriv i sitt debattinnleg at gutelag i klubben kan få både heime- og bortedrakter, noko jentene ikkje får, dommarane stiller på gutelagskampane med drakt, medan på jentesida kan dommar vere foreldre i jeans utan fløyte og kort (Kriszat, 2019).

NFF har gjennom fotballkretsane tilsett 18 spelarutviklarar som skal arbeide likt inn mot begge kjønn (Haavik, 2017). NFF satsar ikkje meir på utvikling på gutesida enn på jentesida. Men klubbane tilset derimot sjølve spelarutviklarar, med hjelp frå deira interesseorganisasjonar,

Norsk Toppfotball, for å utvikle gutar i klubben (Haavik, 2017). Utviklinga på kvinnesida er noko som føregår heile tida, men kvinnefotballen får endå mindre peng enn herresida. Bakgrunnen for dette er at herrefotballen, gjennom Eliteserien og OBOS ligaen er inntektskjelda i norsk fotball gjennom sal av medierettigheter. Og det er desse midlane som mogleggjer at kvinnefotballen får den støtta den får (Haavik, 2017).

Mediedekninga er prega av ei prioritering av menns idrett framfor kvinneidrett (Lesjø, 2018). Kvinnelandslaget til Norge har vunne både OL, VM og EM, likevel får herrelaget, som ikkje har vunne noko, ei breiare dekning og meir merksemd (Hjelseth & Hovden, 2014). Dette kan ein sjå tilbake til oppstarten av fotball, då fotballen var for menn og ei underhaldning tiltenkt menn (Lesjø, 2008). Mangel på mediedekning av kampar frå dei beste kvinneligaene og Champions League bidreg til at jenter ikkje får sett kampar av sine potenselle rollemodellar (Johannessen, u.å). Dekning av fleire kampar på kvinnesida kan bidra positivt med å auke interessa for kvinnefotballen (Johannessen, u.å).

### *1.1.2 Deltaking*

NFF har eit mål om å få fleire jenter og kvinner med i fotballen, ei målsetting det blir jobba med heile tida. Og aldri før har fleire jenter spelt fotball i Norge. Tal frå NFF syner at i åra 2004-2014 auka andelen aktive jenter i fotballen med 16 000, og frå 2013 har talet auka med 7000 (Johannessen, 2019<sup>b</sup>). Sjølv om me i dag har med fleire jenter og kvinner i fotballen enn me har hatt tidlegare, så er det endå ein stor forskjell aktive mellom kjønna, det er fleire gutar som er med i fotballen enn jenter. Sesongen 2019 var det i alt 368 145 aktive fotballspelarar tilknytt NFF. Av desse var 112 308 jenter/kvinner, medan det til samanlikning var 255 837 gutar/menn (NFF, 2020<sup>b</sup>).

Ungdomsfotball er all fotball for jenter og gutar i aldersgruppa 13-19 år (Flem, 2009), og i følge NFF er det eit stort potensial til å halde på fleire spelarar i denne alderen. Og aktive fotballspelarar blir i denne alderen omtrent halvert samanlikna med barnefotballen (Ingebrigtsen, 2012). I 2018 utgjorde ungdomsfotballen 15,3% av dei aktive på jentesida, til samanlikning deltok 29,6% av dei aktive på gutesida i ungdomsfotballen (NFF, 2020<sup>a</sup>).

Ser ein på tal aktive fotballspelarar tilknytt SFFK ser ein same tendensar som nasjonalt, det er fleire gutar enn jenter. I fotballsesongen 2019 var det i alt 7953 fotballspelarar på gute- og

herresida, medan det på jente- og kvinnesida var 4456 (NFF, 2021<sup>b</sup>). Fleire spelarar på gutesida bidreg naturleg nok også til at det er fleire fotballag på gutesida enn det er på jentesida. I aldersgruppa 13-16 år var det i 2019 sesongen 90 gutelag og 68 jentelag (NFF, 2021<sup>b</sup>). I seniorfotballen for same sesong var det på herresida registrert 74 lag, medan det for kvinner var registrert 23 lag. Oversikta syner at det i alderen 13-16 år ikkje er så store forskjellar i lag mellom kjønna, men seniorfotballen syner ein tydeleg forskjell i tal lag. Dette kan syne tendensar til at fleire jenter enn gutar sluttar med fotball i denne alderen, og fell frå før ein går over til seniorfotballen. Det kan likevel vere tilfeldigheiter og variere frå år til år kor mange lag ein stiller i sesongen. Ynskje om å stille 11ar fotball kan også bidra til at ein slår saman lag på tvers av årskull i klubben eller inngår samarbeid med andre klubbar, noko som vil bidra til reduksjon i antal lag.

### *1.1.3 Fråfall*

Fråfall kan definerast som det å falle frå noko (Seippel, 2005), i idretten tyder dette å slutte i eit idrettslag. I ungdomsåra er det mange som vel å slutte med fotball, og i følgje Larsen (2011) er det få, nesten ingen, som vel å slutte med fotball før ein fyller 13 år. I denne alderen går ein over frå barnefotballen til ungdomsfotballen og kan i større grad oppleve topping av lag, og ulik speletid i kamp. I tillegg vil ungdommen i denne alderen ha ulike ambisjonar og motivasjon for å vere med (Larsen, 2011). NFF opplever fråfallet som skjer i ungdomsåra som eit problem, då dei ynskjer å ha med alle så lenge som mogleg (Larsen, 2011). At dei ser på dette som eit problem vil sei at noko er annleis enn NFF ynskjer, og dei vil gjennomføre tiltak for å motverke fråfall (Seippel, 2005). NFF ynskjer å ha med alle i fotballen, og har utarbeida ei målsetting for å nå dette. «Å gi så mange ungdommer som mulig et fotballtilbud preget av trygghet, involvering og trivsel. Spillerne skal få mulighet til å velge ut fra egne ønsker, motiver og behov, i sosiale og trygge lags- og klubbmiljøer» (Larsen, 2011, s.100).

Ungdommen skal føle seg trygge, få vere med å bestemme aktiviteten, dei skal få vere med uavhengig av ambisjonar og ferdigheitsnivå. Trivsel er eit ord ein legg merke til i denne målsettinga. Det norske akademis ordbok (u.å) skriv at trivsel kan forklarast som det å finne seg til rette, få utfolde seg og vokse på ein bestemt plass eller under bestemte forhold. Ungdom har ulik motivasjon for å vere med på fotball. Ved å trivast i laget kan kvart individ få moglegheita til å utvikle seg, ikkje berre som fotballspelar, men og som menneske.

Når ein ser på faktorar som bidreg til at ungdom vel å slutte med fotball, er eudaimonia og hedonia to begrep ein kan knyte opp mot idrettsmotivasjon. Hedonia kjem frå det greske ordet «hedone» og tyder «lyst» (Selnes, Marthinsen & Vittersø, 2004). I idretten vil dette begrepet sei at ungdom har ei «ha det gøy» - innstilling (Berntsen & Kristiansen, 2018). Dette tyder at gutar og jenter er med i idretten fordi dei ynskjer å ha det moro saman med vener. Eudaimonia kjem frå det greske «eu» som tyder «vel» og «daimon» som tyder «indre potensial» (Selnes et.al, 2004). Dette tyder at ungdommen har ei utviklingsinnstilling, og er med i fotballen fordi ein ynskjer å utvikle potensialet sitt (Berntsen & Kristiansen, 2018). Uavhengig av kva innstilling ein har for å vere med i fotballen skal klubben leggje til rette for at spelarane får spele fotball ut frå sine ynskjer (Larsen, 2011).

Seippel (2005) fann at det var forskjellar knytt til kjønn når det gjeld fråfall. Seippel (2005) skriv at ein kan skilje mellom to typar fråfall; sportslege og utanomsportslege. Sportslege faktorar er årsaker direkte knytt til fotballen, til dømes dårleg tilbod, trenar, auka konkurranse og dårleg trivsel. Utanomsportslege faktorar er årsaker som ikkje er direkte knytt til fotballen, til dømes utdanning, familie, tid, venner og andre interesser. Medan gutane begrunna fråfallet med sportslege faktorar, til dømes skader, var dei vanlegaste faktorane til at jenter sluttar knytt til utanomsportslege faktorar: tid, venner, flytting og endring i treningsmønster. For jenter ser det ut til å vere ei endring ved aukande alder mot individualisering, til dømes trening på treningssenter, og eldre tenåringsjenter ynskjer ikkje å forplikte seg til faste treningar med eit lag (Skauge & Raufoss, 2020). I eit feltarbeid gjennomført blant tiandeklasse i Oslo var resultatet at jenter var opptekne av å vere sunne, tynne og å ta seg godt ut. Medan gutane var meir opptekne av å eksponere idrettslege ferdigheiter og styrke (Walseth, Aartun & Engelsrud, 2015). I Trondheim vart det gjennomført ei studie av elevar ved vidaregåande skule som konkluderte med at idrettsprestasjonar og det å vere flink i idrett har ei større betydning blant gutar enn jenter (Klomsten, Marsh & Skaalvik, 2005).

Etter kvart som ungdommen blir eldre vil dei få fleire gjeremål, legg ned meir tid i skularbeid og eit ynskje om å bruke tida si annleis kan spele inn. Øyvind Strøm leia jentefotballprosjekt med fokus på at jenter sluttar tidleg med fotball, og meinte at 50% av jentene som sluttar med fotball tok valet på bakgrunn av at dei ikkje meistarar kombinasjonen mellom fotball og skule (Birkelund, 2016). I tillegg vel jenter å slutte fordi dei ikkje har ein ambisjon om å bli skikkeleg god, og opplever ein klubben kun har eit skikkeleg tilbod for dei beste. Det er ikkje slik at



fråfallet er større på jentesida enn det er på gutesida, men gutane har ofte i utgangspunktet fleire spelarar å ta av. Konsekvensen av at jenter vel å slutte med fotball kan derfor vere større enn dersom gutar vel å slutte (Birkelund, 2016).

## 1.2 Problemstilling

Formålet med denne oppgåva er å undersøke det sportslege tilbodet for jenter i eit utval klubbar i SFFK. Eg vil undersøke om klubbar med damelag gjer noko annleis enn klubbar utan damelag, for å sjå om det er sportslege faktorar som bidreg til at dei greier å stille damelag. For å finne svar på dette skal eg intervju seks trenarar om deira oppleving kring det sportslege tilbodet til jenter i eigen klubb. Har klubbane med damelag eit betre tilbod som gjer at jentene ynskjer å vere med lenger? Jobbar dei betre med miljø og det sosiale for å hindre fråfall i klubben? Eller kan det vere geografiske forskjellar, eller tilfeldigheter som gjer at nokon klubbar stiller damelag og andre ikkje?

Problemstillinga for oppgåva er: *Korleis opplever trenarar det sportslege tilbodet for jenter i eigen klubb? Er det forskjellar i klubbane med og utan damelag?*

### 1.2.1 Sportsleg tilbod

Sportsleg tilbod er eit begrep ein høyrer om innanfor idretten. Begrepet er knytt til trening og drift, og ofte er det nedfelt i sportsplanar for å beskrive tilbodet klubben skal gi utøvarane. Men kva er egentleg sportsleg tilbod? Å finne ein definisjon på dette har vore utfordrande. Seippel (2005) kategoriserer det sportslege til å gjelde det som er innanfor idretten, til dømes konkurranse, trivsel, treningstilbod og trenar. Eg har valt å ta utgangspunkt i Seippel sin definisjon og vidareutvikle denne.

Sportsleg tilbod vil i denne oppgåva omfatte tilbodet klubben gir spelarane i treningskvardagen. Klubben i form av si sportslege styring gjennom sportsplan, om dei legg til rette for alle og om spelarane får eit likt tilbod uavhengig av kjønn. Treningstilbod i form av hyppigheit på treningar, trenarkompetanse, differensiering og hospitering. Miljø vil omfatte om alle får spele fotball og får eit godt tilbod ut frå sine ambisjonar.

### 1.2.2 Opplevelse

«Opplever» er eit sentralt ord i mi problemstilling, og eg ynskjer å beskrive nærmare kva eg legg i dette. Store norske leksikon definerar «opplevelse» som ein persons subjektive erfaring.

Dette består av ytre sansepåverknad (persepsjon), emosjonell tilstand (følelse), tankeprosessar og motivasjon (Teigen, 2020). Opplevelse har mange synonym, eit av dei er erfaring, som er ein fellesnemning på informasjonen ein person tileigna seg gjennom kunnskap eller egne opplevingar (Teigen, 2021).

Både opplevelse og erfaring kan på engelsk oversettast til experience. Cambridge Dictionary (u.å) skriv at experience er å: observe certain events; undergo a certain feeling or process; or perform certain actions that may alter one's knowledge, opinions, or skills. Altså ved at ein gjennomfører eller observerer hendingar, eller gjennomgår følelse eller ein prosess, så kan dette påverke kunnskap, meiningar eller ferdigheiter ein har.

I denne oppgåva vil trenarane sine opplevingar derfor bestå av kunnskap og meiningar (erfaring) dei har tileigna seg i klubben, gjennom å ha deltatt i, eller observert spesifikke hendingar i klubb. Trenarane møter jentene kvar økt på treningsfeltet og leiar laget i kamp. Og har dialog med foreldre, klubbadministrasjonen, fotballkrets og andre i miljøet rundt laget. Dette set trenaren i mange situasjon der ein opparbeida seg nye opplevingar. Til dømes opplevingar av urettferdig behandling knytt til kjønn i klubben, og ein kan ha meiningar og følelsar knytt opp til dette.

## 2.0 Modellar

I dette kapitlet skal eg presentere tre modellar som er nytta som teoretiske perspektiv for å beskrive og forstå ulike faktorar knytt til det sportslege tilbodet til jenter. Modellar kan gi oss ei innsikt i samanhengar (Helgesen, Glavee-Geo, Mustafa, Nettet & Rice, 2019) og nyttast for å utforske eller beskrive verda (Bukve, 2016). Helgesen et.al (2019) skriv at modellar vil beskrive eit fenomen på ulike måtar gjennom ei forenkling av verkelegheita, og eit utval av dei viktigaste trekka modellen representera.

For å undersøke problemstillinga har eg nytta tre modellar. Topp/breidde (Larsen, 2011), arenamodellen (Larsen, 2011) og ATDE-modellen (Henriksen, 2010).


Henriksen sin modell er nytta som hovudmodell i denne oppgåva, og vil ta størst plass i kapitlet. Med hovudvekt på mikronivået, ettersom problemstillinga vil undersøke det sportslege tilbodet i klubben, som befinn seg på mikronivå.

### 2.1 Topp og breidde

Den norske idrettsmodellen legg føringar for idretten i Norge med visjonen *idretts glede for alle* (NIF, u.å). Dette gjenspeglast i NFF sin visjon  *fotball for alle* (Larsen, 2011). Den norske idrettsmodellen presentera eit avhengigheitsforhald mellom topp- og breiddeidretten. Det blir hevda at breiddeidretten gjennom utvikling av utøvarar er grunnlaget for toppidretten (Rafoss & Tangen, 2017). Og at toppidrettsutøvarar ved å verer førebilete for barn- og ungdom og inspirera dei til å vere med i idretten (Rafoss & Tangen, 2017).

Norge har lukkast med å ha med mange fotballspelarar på dei yngste årstrinna, og dette er gunstig både for topp- og breiddefotballen (Larsen, 2011). Samanliknar ein med dei beste fotballnasjonane har Norge få fotballspelarar, og derfor eit lite utval av spelarar med toppfotballpotensial (Larsen, 2011). Kven som har talent er vanskeleg å velje ut i ung alder, grunna ulik vekst- og utviklingskurve (Larsen, 2011). Talent er eit begrep ein nyttar til å forklare at nokon utmerkar seg med eksepsjonelle prestasjonar, eller har anlegg til å bli suksessfulle innanfor eit felt (Howe, Davidson & Sloboda, 1998). Abbot & Collins (2002) skriv at dette er ein dynamisk prosess og ferdigheiter kan utviklast ved motivasjon og vilje. Larsen (2011) skriv at ved å leggje til rette for at fotballen skal vere brei og inkluderande med eit godt tilbod kan

alle få utvikle sitt potensiale. Skal ein spelar bli god er det eit breitt spekter av påverknad og trening som skal til frå barnealder og vidare i ungdomsåra (Morisbak, 2020). Ved å selektere i ung alder kan det føre til at potensielle toppspelarar fell frå og ikkje får utvikla sitt potensial (Larsen, 2011).



Figur 1: Effekt av verdibasert fotball i alle løp i fotballfamilien (Larsen, 2011, s.30).

Utfallet av ein god breidde- og toppfotball er beskrevet i figur 1, og syner korleis klubbar ved å leggje til rette for at fotballen skal vere brei og inkluderande, kan få med fleire (Larsen, 2011). Ved å fokusere på verdigrunnlaget til NFF: Fotball for alle, tryggleik + meistring og FairPlay vil ein styrke fotballen i både breidde- og toppløpet. Gjennom trening med tilpassa øvingar der alle får vere med, at klubb og trenar set utvikling framfor resultat kan ein få fleire spelarar i toppløpet. I tillegg til å ha «verdas lukkelegaste spelarar i 6.divisjon» (Larsen, 2011, s.30).

Topp- og breiddefotballen står i ei økonomisk avhengigheit til kvarandre. Finansieringa i fotballen skal først sikre toppfotballen og deretter sikre breidda (Haastad, 2011). Det er toppfotballen på herresida som får inn mest pengar og er med på å finansiere ein stor del av breiddefotballen for barn- og ungdom i kretsane (Haavik, 2020). Hovudsponsorane til klubbar og landslag er med på å finansiere fotballaktivitet gjennom Telenor Xtra, Tine Fotballskule og Equinor landslagsskule (Haavik, 2020).

## 2.2 Arenamodellen



Figur 2: Arenamodellen og ungdommen (Larsen, 2011, s.33).

Arenamodellen, figur 2 syner eit utval faktorar som kan påverke ungdommen i- og utanfor fotballen. Trenarar har mykje av ansvaret for spelarane i ein treningskvardag, og det er viktig å ha ei heilheitsforståing av ungdommen (Larsen, 2011). Ikkje-idrettslege faktorar er noko som kan ta mykje tid og vere utfordrande, til dømes kan kombinasjonen mellom skule, fritid og fotballen føre til eit tidspress. Familie og hendingar eller utfordringar i nære relasjonar kan påverke ungdommen, i tillegg til personlege utfordringar (Larsen, 2011). Sjølv om kvar spelar har ei individuell livsverd er det nokre likskapar blant ungdommane (Seippel, Sisjord & Strandbu, 2016). Med støtte frå andre studiar kan arenamodellen hjelpe oss til å forstå kva som påverkar ungdommane. Og ved at klubbar og trenarar er merksame på dette, og nyttar det for å legge til rette for eit godt tilbod tilpassa ungdommen sine interesser, ynskjer kanskje fleire å vere med lenger.


Ungdomsfotballen (13-19 år) utgjer på fleire måtar den mest krevjande gruppa i fotballen. Ungdommane er prega av ulike draumar, interesser og engasjement for fotballen (Seippel et.al, 2016). Nokon har gode ferdigheiter, høge ambisjonar og legg ned mykje tid og trening. Andre har lågare ambisjonar og er med fordi dei synest det er morosamt (Larsen, 2011). Opplevinga av sosiale fellesskap og glede står høgt hos ungdom som er med i idrettslag (Seippel et.al, 2016).

Ungdomane går gjennom ei identitetsutvikling og skal finne sin plass her i verda. Det er mykje som skjer i livet og korleis dei har det vil påverke korleis ein taklar livet i fotballen (Larsen, 2011). I denne tida vil ein også forandre seg kroppsleg (Seippel et.al, 2016) og dette kan føre til at ein blir sint eller frustrert. Bevegelse står sentralt i idrett (Seippel et.al, 2016) og i fotballen kan kroppsleg utvikling føre til at ein blir treg med ball (Larsen, 2011). Ungdommen vil ha si individuelle livsverd prega av mange påverknader, dette kan vere ei utfordrande tid og spelarane kan trenge hjelp til å halde motivasjonen oppe i fotballen (Larsen, 2011).

Seippel et.al (2016) vektlegg viktigheita av sosiale relasjonar i idretten og at eit godt miljø kan vere avgjerande for at ungdom vil vere med. Eit miljø der alle føle seg velkomne og får vere med på bakgrunn av sine ynskjer er viktig (Karlsen, Ringstad, Olsen & Kjølvik, 2021). Ved å la ungdom vere med å påverke treningskvardagen, i form av tal treningar og kva dei skal innehalde. I tillegg til gode trenarar, eit differensiert tilbod, fokus på miljø i laget og at ungdom får vere med ut frå sine premissar kan ein leggje til rette for at fleire ynskjer å vere med (Karlsen et.al, 2021).

### 2.3 Athletic Talent Development Environment (ATDE)

ATDE-modellen er ein holistisk og økologisk modell som plassera utøveren i sentrum (Henriksen, 2010). Holistisk tyder at ein har eit heilskapleg syn på utvikling, og økologisk vil sei at individet vert påverka av settinga ein skal utvikle seg i. Henriksen (2010) meiner miljøet står sentralt for utviklinga til utøveren, og at fokuset bør vere å skape gode utviklingsmiljø. Eit økologisk holistisk perspektiv set miljøet framfor individet, og gjennom gode utviklingsmiljø vil alle få utvikle sitt potensial. Modellen gjenspeglar ein kompleksitet og kan bidra til ei forståing av utfordringar knytt til utvikling av utøvarar, i ei tid der idretten opplev utfordringar kring rekruttering, utvikling og å halde på utøvarane (Henriksen, 2010).



Figur 3: Athletic Talent Development Environment (Henriksen, 2010, s.39).

Modellen set den kommande eliteutøveren i sentrum, omringa av interaksjonar i- og utanfor idretten på mikronivå. Og korleis ulike faktorar på makronivå kan spele inn og påverke mikronivå (Henriksen, 2010). Modellen inneheld to domene: idrettsleg og ikkje- idrettsleg. Det idrettslege er faktorar som er direkte knytt til idretten, medan ikkje-idrettsleg er faktorar utanfor idretten som kan påverke livet i idretten (Henriksen, 2010). I den ytre delen av modellen ser me at den er representert av fortid, notid og framtid som syner kor dynamisk og skiftande eit miljø kan vere. Tidsperspektiva er representert når utøvarar tek beslutningar om framtidig engasjement, idrettsorganisasjon distribuere ressursar og når klubben tek avgjerder. Betydinga av dei ulike komponentane vil også endrast over tid (Henriksen, 2010).

Modellen tek utgangspunkt i framtidige eliteutøvarar, men eg har valt å bruke modellen breiare enn dette og plassera den generelle fotballspelaren i sentrum. Alle trenarane i prosjektet er frå breiddeklubbar og oppgåva har derfor eit breiddeperspektiv. Systemet rundt modellen vil derfor endrast. Modellen til Henriksen (2010) har eit ekspertssystem rundt seg med trenar og manager med oppfølging av utøvar som jobb. Dei er ofte omringa av det beste systemet i form av støtteapparat, trenarar og teknologi som skal optimalisere trening og kamp. Sjølv om dette byrjar å bli meir nytta i breiddefotballen gjennom ivrige trenarar og

foreldre, så er det ikkje alle som har tilgang på desse ressursane. Og barne- og ungdomsfotballen er i stor grad tufta på frivilligheit (Tuastad, 2017). Uavhengig av kven ein set i sentrum av modellen vil klubben, familien og livet i- og utanfor fotballen spele ei rolle i fotballspelaren sitt liv og utvikling.

Eg vil dele modellen inn i to nivå: mikronivå og makronivå. Ved hjelp av underkapittel vil eg gå nærmare inn på dei viktigaste faktorane og korleis desse kan påverke det sportslege tilbodet.

### *2.3.1 Mikronivå*

Mikronivået består av relasjonar ein nyttar mykje tid med og held seg i på dagleg basis, til dømes heim, skule og idretten. Modell 3 (s.22) syner at sirkelen som er nærast spelaren og har størst potensial til å påverke utviklinga til utøvaren mest er klubbmiljøet, i form av trenarar, lagkameratar og støtteapparat. Problemstillinga i prosjektet vil undersøke det sportslege tilbodet i klubb, derfor vil eg på mikronivå sjå nærare på klubb, trenar og treningstilbod. Sportsplan er ein del av mikronivå ved at det kan bidra til betre styring i treningskvardagen. «Kvalitetsklubb» er eit konsept gjennom NFF på makronivå, men eg vel å presentere det på mikronivå, då det sportslege tilbodet kan avhenge av om den enkelte klubb er kvalitetsklubb.

#### *2.3.1.1 Klubben*

Klubbmiljøet er det som står nærast fotballspelaren i ein treningskvardag, og påverkar utviklinga i størst grad (Henriksen, 2010). Og klubben er gjennom treningskvardagen den viktigaste arenaen for å utvikle spelarar (NFF, 2020<sup>a</sup>). Klubben har ansvaret for å gi eit godt tilbod til alle som ynskjer å spele fotball, uavhengig av alder, kjønn og bakgrunn (Larsen, 2011).

I tråd med Ronglan (2013) kan me sjå både klubben og kvart enkelt lag som eit praksisfellesskap. Praksisfellesskap er eit begrep for uformelle, lærande samarbeidsgrupper som grunnlag for kompetanseutvikling (Rundberg, 2009), der læring er situert i ein sosial og kulturell kontekst, altså at den skjer i relasjonar til andre (Lave & Wenger, 1991). Lave & Wenger (1991) beskriv praksisfellesskap som ein eigen identitet som fellesskapet utviklar. I eit fotballag vil praksisfellesskapet ofte ha føringar frå klubben gjennom visjon og verdiar. Med bakgrunn i dette vil laget over tid utvikle både spelferdigheitene og fellesskapet gjennom språk, verdiar, normer og reglar (Ronglan, 2013). Dette er med å leggje føringar for



dei involverte i fellesskapet og nye som kjem til for korleis ein skal opptre. Nye spelarar i laget vil ha ein «perifer» deltaking i fellesskapet og bevege seg frå å observere og gjennomføre enkle oppgåver, til å bli «full» deltakar i fellesskapet og delta i problemløysing og forhandlingar. Nye deltakar kan involverast ved å bli fortalt interne fortellingar om laget, og bli kjent med fellesskapet (Ronglan, 2013).

NFF på makronivå påverkar mikronivået ved at dei har utarbeida ei handbok med retningslinjer for barne- og ungdomsfotballen, og klubbane tilhøyrande NFF må følgje desse. Hovudmålet for klubbane i barne- og ungdomsfotballen er å gi så mange spelarar som mogleg eit godt fotballtilbod prega av gode fotballopplevingar (NFF, u.å<sup>a</sup>). Med bakgrunn i dei nasjonale retningslinjene skal klubben utarbeide ein sportsplan, som er klubbens styringsverktøy og hjelpemiddel for trenarar og lagleiarar (Kvalitetsklubb, u.å). Ein sportsplan vil bidra til å beskrive rammer og retningslinjer, og kan gjere den daglege aktiviteten i klubben enklare. Til dømes ved hjelp av reglar kring hospitering og differensiering (Smeland & Seippel, 2015).

Kva fotballtilbod spelarane får vil variere frå klubb til klubb, basert på ressursane klubben har. NFF har utvikla kvalitetsklubb for å sikre kvalitet i fotballkvardagen gjennom god klubbdrift, og ein betre kvardag for dei involverte (Smeland & Seippel, 2015). Dette er ein faktor på makronivå som kan bidra til ein betre treningskvardag på mikronivå. Ved å utvikle tydelege verdiar, auke kompetansen og etablere ryddige strukturar skal klubben sikre aktivitet med kvalitet (NFF, u.å<sup>b</sup>). Kvalitetsklubb er eit frivillig konsept og alle klubbar har moglegheita til å kvalifisere seg ved å søke til kretsen. Dersom ein blir akseptert blir ein tildelt ein rettleiar som skal hjelpe klubben mot vegen til å bli ein sertifisert kvalitetsklubb (Smeland & Seippel, 2015). Ein del av vegen til å oppnå sertifisering er å utarbeide ein sportsplan som skal vere klubben sitt styringsdokument, med utgangspunkt i klubben sitt formål, verdiar og målsettingar skal ein leggje til rette for «flest mogleg – lengst mogleg – best mogleg». For å sikre eit godt og utviklande miljø i klubben, der gutar og jenter på same alder ska ha like forutsetningar for fotballaktivitet i klubb (Karlsen et.al, 2021).

### *2.3.1.2 Trenaren*

«Trenarrollen er sammensatt. Du er trener, omsorgsperson, oppdrager og leder. I et landskap i stadig endring og med nye utfordringer skal du prøve å være en god rollemodell for barn og

ungdom» (Larsen, 2011, s.95). Trenaren er avgjerande for spelarane si utvikling og er den som står dei nærast i treningskvardagen (Henriksen, 2010). Trenaren har ansvaret for å leggje til rette for gode treningar og sørge for at kvar enkelt skal få utvikle sine ferdigheiter.

Trenarrolla inneber ikkje berre samhandling med spelarane, men også medhjelparar, foreldre og klubbleinga (Ronglan, 2013). Trenar vil ha sosial relasjon til spelarane både på og utanfor bana, og i ungdomstida kan ein bidra til å påverke sosialiserings- og utviklingsprosessen (Ronglan, 2013). Samhandling med medhjelparar kan bidra til å styrke praksisfellesskapet i sin heilheit, til dømes ved hjelp av medtrenar og oppmenn som med sin kunnskap kan hjelpe til. Dette vil gi laget fleire person å spele på og dei vil ikkje vere avhengig av ein bestemt person. Det er viktig å ha struktur og klargjere kva roller ulike personar har, og kva arbeidsoppgåver rolla medfører (Ronglan, 2013).

NFF ynskjer å styrke fotballen i Norge ute i klubbane ved å tilby alle trenarar fotballutdanning. Dei har tilbod for dei som ynskjer å satse på ei karriere som trenar, og for mamma- og pappatrenarar (Eggen, 2016). Innanfor NFF er det mange foreldretrenarar og NFF ynskjer fleire utdanna trenarar då dei ser på det som er ei forutsetning for god fotballaktivitet og utvikling.

### *2.3.1.3 Treningstilbod*

Det er klubben som er sjef og har det overordna ansvaret for aktiviteten i klubben (NFF, u.å<sup>a</sup>). ATDE-modellen (Henriksen, 2010) syner at klubben står nærast utøvaren, og vil gjennom det operative ansvaret leggje til rette for det sportslege tilbodet. Treningstilbodet spelaren får i klubben vil derfor vere heilt avgjerande for utviklinga til den enkelte spelaren. Klubben skal gjennom eit styringsdokument leggje til rette for at treningstilbodet til spelarane skal vere prega av tilrettelegging, meistring og differensiering. Treningsøkta skal vere prega av både meistring og utfordringar, med moglegheit for ekstra tilbod, differensiering og hospitering (NFF, u.å<sup>a</sup>). I ungdomsfotballen er det i tillegg viktig å vektlegge spelarane sine ynskjer, og dei skal få vere med å bestemme sitt eige treningstilbod. Ein bør derfor la spelarane vere med å bestemme både mengde og innhaldet på treningane (NFF, u.å<sup>a</sup>).

Ettersom spelarane i eit lag vil ha ulike ambisjonar og ferdigheiter vil differensiering eller eit ekstra tilbod vere eit godt hjelpemiddel. Differensiering handlar om å dele spelarane inn i treningsgrupper på bakgrunn av deira ferdigheitsnivå (Sæther, 2017) der alle spelarane får

utfordringar og mostand på sitt nivå. Differensiering kan og nyttast ved ulike ynskjer knytt til treningsmengda, nokon vil trene heile tida, medan andre ynskjer å trene 1-2 gonger i veka. Eit forslag i alderen 16-19 år er at laget har 6 økter i veka, der 2 er for alle spelarane, medan 4 er for dei som ynskjer (Larsen, 2011). Denne typen differensiering kan bidra til at ein greier å halde på spelarane lenger, ved at dei sjølve kan bestemme ynskja treningsmengd. Hensikten med ei differensiert fotballtilbod er at alle spelarane skal få eit tilbod tilpassa sine behov, interesser, ynskjer og modenheit. Slik vil ein halde spelarane i flytsona over lenger tid, og sikre at det ikkje blir for enkelt eller for vanskeleg. Det er viktig å hugse at differensiering ikkje er topping, der berre nokre får fordeler (Carlsen, 2017).

Hospitering er ein anna måte å sikre at spelarane får utfordringar på sitt nivå, dersom laget ikkje sikrar dette. Hospitering tyder at spelarane trenar eller konkurrerer utanfor sine primære treningsgrupper (Sæther, 2017). Dette blir sett på som eit verkemiddel for spelarar som har behov for større utfordringar enn dei får på laget ein tilhøyre, og kan foregå på tvers av lag eller på tvers av kjønn (NFF, u.å<sup>a</sup>). Sæther (2017) hevdar at tilbod om ekstra trening kan bidra til eit høgare ferdigheitsnivå på kort tid.

### *2.3.2 Makronivå*

ATDE-modellen syner at makronivå kan påverke faktorar på mikronivå, til dømes gjennom media, utdanningssystem og den nasjonale idrettsorganisasjonen (Henriksen, 2010). Faktorane på makronivået har ikkje spelaren nødvendigvis direkte kommunikasjon og interaksjon med, men det kan likevel påverke utviklinga til utøvaren. I denne oppgåva vil eg på fokusere på korleis fotballen er organisert i Norge, frå Norges idrettsforbund og ned til kvar enkelt idrettsklubb. Det sportslege tilbodet fotballspelaren får i klubb kan vere påverka av retningslinjer, bestemmingar og visjon tilknytt NFF eller den lokale kretsen.

#### *2.3.2.1 Norges idrettsforbund*

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (heretter NIF) er det øvste organet i den største folkebevegelsen i Norge. Og forbundet har det øvste idrettspolitiske ansvaret for idretten i Norge. I Norge er det omtrent 10 800 idrettslag med til saman rundt 2.1000.000 medlem (NIF, u.å). Gjennom visjonen «idretts glede for alle» legg NIF føringar for all idrett som blir utøvd i Norge og er tilknytt NFF. Dei skal gjennom visjonen jobbe for at alle får utøve idrett ut frå sine ynskjer, interesser og behov, utan å bli utsett for usakleg og

uforholdsmessig forskjellsbehandling (NIF, u.å).

Idretten i Norge er organisert på tre nivå (Lesjø, 2008). Nasjonalt nivå består av NIF og særforbund for enkeltidrettar, for fotballen er dette NFF. Nivå to er regionalt nivå og består i idrettskretsar og særkretsar for enkeltidretter, til dømes SFFK. Nivå tre er kommunalt og lokalt nivå, i form av idrettsråd, idrettslag, særgrupper og individuelle medlem (Lesjø, 2008). Ein fotballspelar vil på lokalt nivå vere medlem av eit idrettslag, dette vil i henhold til Henriksen sin modell vere mikronivået til spelarane. Idrettslaget er forankra i særkretsen og kretsen på regionalt nivå, som igjen er forankra i NFF og NIF. Dette vil utgjere makronivået for spelarane i fotballen på nasjonalt nivå, og kan legge føringar for det sportslege tilbodet dei får i klubb.

### 2.3.2.2 Norges Fotballforbund

NFF blei stifta i 1902 under namnet Norsk Fotballforbund (Ronglan, 2013), og er eit av særforbunda tilknytt NIF (Lesjø, 2008). Alle fotballklubbar i Norge er tilknytt NFF, og har felles visjonar, verdier og retningslinjer ein må forhalde seg til. Visjonen til NFF er *fotballglede for alle – glede, drømmar og fellesskap* (NFF, 2020<sup>a</sup>). Barne- og ungdomsfotballen i Norge byggjer på tre pilarar. 1: Fotball for alle, 2: tryggleik + meistring gir trivsel, 3: fair play (Larsen, 2011).

Fotball for alle tyder at alle som ynskjer å spele fotball ska ha like moglegheiter og eit godt tilbod. I dette ligg det at klubben skal legge til rette at for spelarane som ynskjer å satse på fotballen, og for dei som ynskjer å vere med fordi det er moro (Larsen, 2011). Dette krev ein klubb som evnar å leggje til rette eit fotballtilbod tilpassa kvart enkelt barn- og ungdom sitt ynskje. For å få til dette er det naudsynt at spelarane får moglegheita til å uttrykke sine ynskjer, ambisjonar og forventingar til fotballen. Det er ein stor forskjell på spelaren som er med fordi ein synest det er moro og vil vere saman med venner, og ein spelar som ynskjer å sjå kor god ein kan bli (Larsen, 2011).

Tryggleik + meistring gir trivsel handlar om at ein skal halde spelaren i flytsona med tilpassa øvingar, som ikkje er for lette eller for vanskeleg. Dette er ei forutsetning for tryggleik, som er avgjerande for at spelaren skal både trivast og meistre fotballen (Larsen, 2011). Meistring tyder å få til noko, og det er trenaren si oppgåve å leggje til rette for at spelarane skal oppleve meistring. Ved å halde spelarane i flytsona med utfordringar på sitt nivå kan ein bidra til at spelarane ynskjer å vere med i fotballen lenger. Trenar skal utfordre kvar enkelt gjennom ei

blanding av utfordring og tryggleik, både på trening og i kamp. Ut frå spelarane si modning, forutsetningar og interesser (Larsen, 2011).

Den siste pilaren er FairPlay, og handlar om at alle i- og rundt fotballen skal vise respekt for kvarandre både på og utanfor fotballbana. Dei som er med i- eller rundt eit fotballag har eit ansvar for å vise respekt for alle involverte, og ta tak i problem dersom det skulle oppstå (Larsen, 2011).

### *2.3.2.3 Sogn og Fjordane Fotballkrets*

SFFK er eit organisasjonsledd under NIF på regionalt nivå, det er ein av kretsane tilknytt NFF, og fotballen i Sogn og Fjordane blir styrt gjennom kretsen. Tidlegare Sogn og Fjordane- fylke er eit fylke med store geografiske avstandar, noko som fører til at kretsen består av mange små fotballklubbar, og nokon få store klubbar. Kretsen vart skipa 20.april 1922 og er ein frivillig, partipolitisk nøytral og uavhengig medlemsorganisasjon (NFF, 2017). Visjonen til SFFK er å skape fotballglede, god aktivitet og utvikling. Verdiane er at dei skal vere inkluderande, ansvarleg, framtidsretta og fokusert (NFF, 2017). Ved hjelp av kretshandboka som strekk seg frå 2018 til 2021 så har SFFK fire overordna mål dei skal jobbe for.

1. Kvalitetsklubb: SFFK skal drive fotballutvikling i regi av NFF og kretsen ved å utvikle og få fleire kvalitetsklubbar i kretsen. Ein kvalitetsklubb arbeidar med fotballglede, moglegheit og utfordringar for alle, gjennom fokus på aktivitet, organisasjon, kompetanse og trygge rammer. Kvalitetsklubb prinsippet skal vere med å sikre god fotballaktivitet og kvalitet ute i klubbane.
2. Jenter: kretsen skal arbeide for betre rekruttering av jenter på alle nivå, både på- og utanfor bana. Dei ynskjer å ha fokus på NFF sitt jente- og dameprosjekt, og ha ein toppfotballsatsing på damer.
3. Spelarutvikling: det er krets som har hovudansvaret for spelarutviklinga i alderen 12-16 år, og toppklubb som har ansvaret i alderen 17-21 år. SFFK skal ha ansvaret for landslagsskule og gjennom eit tett samarbeid med toppklubbane skal ein leggje til rette tilbodet for spelarutvikling.
4. Aktiv samfunnsaktør: kretsen skal vere ein aktiv medspelar i høve lokale og regionale politiske nivå. Dei skal delta i idrettspolitiske utgreiingar og vedtaksprosessar, og samarbeide

med viktige aktører i næringslivet, i tillegg til å vere ein støttespelar for folkehelse-arbeidet i fylket (NFF, 2017).

## 3.0 Metode

I dette kapitlet skal eg presentere korleis eg metodisk har gått fram både før, under og etter eg samla inn data. Eg vil beskrive kva val eg har tatt i forhold til metoden eg har nytta, og gi ei beskriving av det kvalitative intervjuet, analyse av datamaterialet, validitet, reliabilitet, generaliserbarheit og etiske refleksjonar.

### 3.1 Kvalitativ forskning

Ein metode skal hjelpe oss å samle inn data, den informasjonen me treng til prosjektet, og syner korleis ein bør gå til verks for å skaffe eller etterprøve kunnskap (Dalland, 2017). Ein må velje den metoden som kan belyse problemstillinga ein har valt på best mogleg måte. I samfunnsvitenskapeleg meotdelitteratur skil ein mellom to metodar: dei kvantitative som gir data i form av målbare einheiter, og dei kvalitative som fangar opp meningar og opplevingar (Dalland, 2017).

Eg har valt å nytte kvalitativ metode for å finne svar på korleis trenarar opplever det sportslege tilbodet for jenter i eigen klubb. Og vil undersøke dette ved hjelp av kvalitativt intervju. Dette kan presentere eit mangfald opplevingar, tankar og meningar, då trenarane kjem frå ulike klubbar og vil ha ulike perspektiv (Malterud, 2008). Målet er å kunne gå i djupna og få gode beskrivingar frå trenarar om deira opplevingar kring det sportslege tilbodet for jenter i eigen klubb.

Ved å bruke kvalitativt intervju som metode vil all informasjon passere gjennom den som utfører undersøkinga, og det er den som vel ut kva som skal bli brukt som data (Dalland, 2017). Alle perspektiv og informasjon ein samlar inn vil ikkje vere like relevant, derfor vil forskarens posisjon og perspektiv ha ei betydning for kva kunnskap som kjem fram (Malterud, 2008).

### 3.2 Eigen forforståing

I kvalitativ forskning vil ein ha med seg antakingar og syn som vil styre eller rettleie forskinga (Postholm, 2005). Dette er viktig å vere bevist på og skilje frå den nye informasjonen og forståingar ein får i prosessen med prosjektet (Dalland, 2017). I løpet av fleire år som både spelar og trenar innanfor fotballen i ulike klubbar har eg gjort meg opp meningar om det sportslege tilbodet til jenter i ulike klubbar. Frå å vere ein del av ein klubb i Telemark der jenter

var ein prioritet, og hadde tilbod på lik linje som gutar, kom eg til ein klubb i Sogn og Fjordane Fotballkrets der denne prioriteten ikkje stod like høgt. Dette opna mine auger og interesse kring den sportslege tilrettelegginga jenter får ute i klubbane. Frå å ha sett jenter ha like gode trenarar som gutar, gode treningstider, tal treningar og fasilitetar, noko som eg såg på som ein sjølvfølge, så kom eg til ein klubb det ikkje var slik.

Eg såg og hørte både frå spelarar, foreldre og trenarar at jenter ikkje hadde like gode vilkår som gutar i klubben, og at jentene omtrent fekk eit tilbod på bakgrunn av det som var igjen etter gutane hadde fått sin del. Ugunstige treningstidspunkt, ikkje tilbod om å trene på same baner som a-lag, gutelag og naboklubb, at lagets treningar måtte vike til fordel for andre. Og færre trenarar med mindre kompetanse enn på gutesida, var med på å opne mine auge for temaet kring det sportslege tilbodet for jenter.

Kvar eg har vakse opp har også ei betydning for mitt syn på jenter i fotballen. Eg kjem frå ei lita bygd 1 time frå Sogndal, og det er alltid Sogndal Fotball som har prega medium i nærområdet. Sjølv om Kaupanger har gjort det godt på kvinnesida får dei lite merksemd i medium i forhold til herrane.

Denne bakgrunnen, antakingane, og teoretisk rammeverk eg har opparbeida med i løpet av 2 år i Sogndal, og 3 år i Bø i Telemark med ei bacheloroppgåve knytt til fråfall i jentefotballen er mitt utgangspunkt i møte med forskingsfeltet. Det er også dette som er motivasjonen til at eg ynskjer å undersøke det sportslege tilbodet til jenter.

Før eg sat i gong med forskingsprosjektet måtte eg sjå på mitt utgangspunkt, ved å tenke på erfaringar knytt til emnet, forventingar, fagleg perspektiv og kva som ville skilje meg frå andre forskarar på dette området (Malterud, 2008). Dersom ein ikkje tek seg tid til dette kan det gi ein skylappar, ein kan få ein begrensa horisont og ikkje evne å lære av sitt materiale (Malterud, 2008).

### 3.3 Utval

Å velje ut kven ein ynskjer å ha med i prosjektet er ein viktig del av samfunnsforskning. Datamaterialet er kjelda ein har til spørsmåla som følgjer problemstillinga, og utvalet er det som bestemmer kva me har grunnlag for å sei noko om (Malterud, 2008). Kvalitative data har få einingar ein undersøker (Malterud, 2008), men ein forsøker å få så mykje informasjon som



mogleg ut av desse (Dalland, 2017). I dette prosjektet vil eg sjå på det sportslege tilbodet for jenter i Sogn og Fjordane fotballkrets, og valte å nytte strategisk utval for å finne trenarar. Strategisk utval tyder at ein henvende seg til enkeltpersonar eller grupper ein meiner har noko å bidra med i prosjektet (Dalland, 2017).

Eg bestemte meg tidleg for at det var jenter og fotball i Sogn og Fjordane fotballkrets eg ville skrive om, og hovudtemaet vart kva moglegheiter dei får i klubb. Sogn og Fjordane fotballkrets er ein krets med store geografiske avstandar og med mange fotballklubbar.

For å få tak i nok data valte eg ut 4 klubbar med damelag og 4 klubbar utan damelag for å sjå på det sportslege tilbodet til jentene i klubbane, og om det var forskjellar mellom klubbar med damelag og klubbar utan damelag.

### *3.3.1 Utval til intervju*

Med bakgrunn i mi forforståing kring opplevingar rundt det sportslege tilbodet til jenter i ulike klubbar, og ei auka styrke for dette, ville eg intervjuje trenarar om korleis dei opplever eigen klubb. Ved å intervjuje trenarar så håpte eg å få ærlege svar på deira oppfatningar og opplevingar knytt til laga dei trente. Det hadde eg kanskje ikkje fått ved å intervjuje leiarar i klubben.

For å finne ut kva klubbar eg ville ha med i prosjektet nytta eg strategisk utval. Det første eg måtte gjere var å bestemme kva aldersgruppe eg skulle bruke i prosjektet. Eg valte å nytte jentelag i alderen 15-17. I klubbar med damelag er denne alderen ei forbinding mellom småjentelag (13-14 år) og damelaget. I klubbane utan damelag er dette det siste nivået og tilbodet jentene har til å spele for klubben.

Gjennom strategisk utval blei klubbar valt ut på bakgrunn av om dei i 2019 eller tidlegare har vore samarbeidslag, om dei har gjort det godt på herresida, om dei stilte 7ar eller 11ar lag i dameklassen. Alle klubbane hadde vidaregåande skule i nærleiken med maks 1 time reiseveg, og klubbane vart rekruttert frå ulike geografiske stader i kretsen. Sogn og Fjordane består av både små og store stader, med store variasjonar når det gjeld folketal.

Det vart derfor valt ut fire klubbar med høgt folketal, to med damelag og to utan damelag. Og fire klubbar med lågare folketal, to med damelag og to utan damelag. Dette valte eg å gjere

for å kunne sjå om det var forskjellar i klubbane som hadde høgare folketal frå klubbar med lågare folketal.

E-post blei sendt ut til dagleg leiar i klubb, og desse tok kontakt med hovudtrenar for J15/17 for å høyre om dei ville delta i prosjektet. På denne måten ville trenar få moglegheita til å tenke seg om, og stod friare til å seie nei, enn dersom eg hadde teke direkte kontakt med trenar (Dalland, 2017). Tre klubbar responderte raskt og ville delta i prosjektet, ein av desse valte seinare å trekke seg. Tre klubbar sendte e-post vidare til trenarar for aktuelle lag. Ein av desse svarte raskt og ville vere med, to trengte meir tid til å tenke, og ved oppfølging på e-post og SMS utan svar, konkluderte eg med at dei ikkje ynskte å delta. To klubbar fekk eg aldri svar frå, då eg tok kontakt på nytt valte ein klubb å vere med i prosjektet. Etter det første utvalet med ynskje om 8 klubbar sat eg igjen med fire klubbar som ville delta.

Med tanke på å samle inn nok data og variert data, så vart det forsøkt å gjere eit nytt utval på kriteria som var utarbeida ved første utval. Det viste seg å vere utfordrande å følgje kriteria, og eg fokuserte på kriteriet om avstand til skule og at eg ville ha eit likt antall klubbar med damelag og klubbar utan damelag. Eg sendte ut e-post til to nye klubbar. Desse responderte raskt at dei ville delta i prosjektet, og eg hadde seks klubbar med trenarar som var klare for intervju. Alle trenarane var menn i alderen 25-60 år.

Eg har valt å nytte ordet «trenar» på deltakarane i prosjektet, og delt dei inn i A-F for å skilje dei. Trenar A, B og C kjem frå klubbar med damelag, og trenar D, E og F kjem frå klubbar utan damelag. Eg ser på trenarane i tråd med Dalland (2017) sin definisjon på informantar, at dei gir oss informasjon om det me er ute etter å undersøke.

### 3.4 Kvalitativt intervju

Det kvalitative forskingsintervjuet har som formål å få vite noko ein ikkje veit frå før (Malterud, 2008), dette er ein metode som gjer at ein kan få gode og detaljerte beskrivingar og opplevingar knytt til temaet. Intervju er den mest brukte metoden for å samle inn kvalitative data til forskingsprosjekt (Dalland, 2017). Eg valte å nytte kvalitativt intervju fordi det ga meg moglegheita til å gå i djupna på korleis trenarane opplevde det sportslege tilbodet for jenter i eigen klubb, og for å få ein forståing tydelegare beskriving på kvifor.

#### 3.4.1 Intervjuguide

I dette prosjektet har eg valt å nytte ein delvis strukturert intervjuguide (Dalland, 2017). Intervjuguiden er den som skal leie deg gjennom eit intervju (Dalland, 2017), ved at ein på førehand har utarbeida tema som ein ynskjer å finne data på (Malterud, 2008). Val av tema vil føre intervjuet inn på det eg er ute etter, og ved å ikkje gi trenaren svaralternativ er målet at trenaren skal kunne snakke fritt om sine opplevingar rundt temaet, og oppfølgingsspørsmål gir moglegheita til å få tak i mest mogleg informasjon.

Då formålet er å få vite noko ein ikkje veit frå før er det viktig å ikkje gjere intervjuguiden for detaljert eller å følge den slavisk undervegs i intervjuet (Malterud, 2008). Undervegs i feltarbeidet vil ein kunne revidere intervjuguiden etterkvart som ein lærer meir om temaet ein forskar på (Malterud, 2008). Det vart gjennomført eit pilotintervju for å teste og revidere intervjuguiden før innhenting av data vart satt i gong. Eg nytta diktafon undervegs i pilotintervjuet for å gjennomføre det mest likt slik hovudintervjua var tenkt. Pilotintervjuet førte til endring i nokre spørsmål, i tillegg til at nokre vart lagt til. Den ferdige intervjuguiden ligg som vedlegg nr.3 i oppgåva, og er utarbeida frå relevant teori, idear frå veiledarar og mi eiga forforståing. Guiden vart endra litt på undervegs, då det var tema nokre trenarar tok opp, som eg såg var nyttige å spørje dei andre trenarane om også.

Eg innleia intervjuet med å fortelje kort om prosjektet, sikre meg at dei hadde lese gjennom informasjonsskrivet, og minne dei om informasjonen som var beskrive i samtykkeskjemaet. Ved å skrive under på skjemaet samtykka trenarane til at lydopptak vart nytta undervegs i intervjuet, at det var anonymt og at ein kunne trekke seg frå intervjuet om ein ville, eller dersom ein skulle endre meining etter at intervjuet var gjennomført (Dalland, 2017). Intervjua starta med nokre introduksjonsspørsmål: «Kan du fortelje meg litt om klubben?» og «Kva er di rolle i klubben?». Etter at trenarane hadde fått snakka litt kring klubben og eiga rolle gjekk eg over til sjølv hovudspørsmåla, og var innoom alle tema som var utarbeida i intervjuguiden, i tilfeldig rekkefølge. I nokre intervju fekk eg rolla som intervjuar der eg måtte spørje mange av spørsmåla som eg hadde laga i intervjuguiden, medan i andre intervju snakka trenarane mykje kring ulike tema som eg hadde i intervjuguiden, og eg fekk svar på desse ved at trenar snakka, medan eg kunne lytte, utan å stille altfor mange spørsmål.

#### *3.4.2 Gjennomføring av intervju*

Intervjua med trenar C, D, E og F blei gjennomført ved klubbhuset til den klubben dei tilhøyrer.

Det var viktig at intervjuet blei gjennomført på ein stad der ein ikkje vart forstyrra, i tillegg til at trenarane følte seg vel der (Grønmo, 2011). Grunna covid19 ville to av trenarane ikkje gjennomføre intervju fysisk, då Folkehelseinstituttet anbefalte å begrense reising og møte med andre menneske. Intervju med trenar A vart gjennomført over nett ved bruk av Teams, medan intervju med trenar B vart gjennomført over Zoom.

Spørsmåla eg stilte og språket eg brukte var enkelt formulert, så det skulle vere enkelt for trenarane å forstå og ikkje kunne feiltolkast. Under intervjuet hadde eg fokus på å stille oppfølgingsspørsmål til det trenarane fortalte, både for å forstå kvifor og å kunne gå meir i djupna på det dei fortalte. Ettersom det vart nytta lydopptak i intervjuet valte eg å ikkje skrive ned det som blei sagt, då eg kunne høyre gjennom intervjuet fleire gonger i ettertid. Eg noterte kroppsspråk undervegs, dersom det var noko ein kunne tydeleg sjå at engasjerte trenaren, men dette kunne også høyrast på tonefallet til vedkommande.

### 3.5 Analyse av datamaterialet

I dette kapitlet vil eg gjere greie for korleis eg gjekk fram for å analysere det innsamla datamaterialet. Eg vil først gå gjennom transkribering av intervjuet. Etterpå vil eg forklare korleis eg analyserte intervjuet ved hjelp av systematisk tekstkondensering, som er ei tematisk tverrgående analyse (Malterud, 2008).

#### 3.5.1 Transkribering

Ved å nytte kvalitativt forskningsintervju som datainnsamling vil ein raskt innhente mykje material, først i form av lydopptak og så transkribert til skrift (Malterud, 2008). Eg brukte lydopptak under intervjuet for å på denne måten kunne fokusere fullt på det trenarane sa, og stille gode oppfølgingsspørsmål, i staden for å nytte tida på å ta notatar frå det trenarane fortalte. Transkribering er ein vanleg måte å bearbeide intervju på, der ein skriv ned det som blir sagt ord for ord (Dalland, 2017). Etter å ha gjennomført intervjuet sat eg igjen med seks lydopptak som skulle transkriberast. Dette er ein prosess som tek tid, men samtidig får ein oppleve intervjuet på ny og får tak i mykje nyttig informasjon.

Eg valte å ikkje transkribere intervjuet heilt ordrett. Trenarane avslutta ofte midt i ein setning og byrja på nytt igjen. Dette ville ikkje gitt meining dersom ein ikkje var til stades under intervjuet, men kun las gjennom den transkriberte versjonen. Nokre av setningane vart også

redigert slik at dei ville vere forståeleg for andre.

Etter å ha transkribert intervjuet vart dei sendt på e-post til kvar enkelt trenar. Dette gav dei moglegheit til å lese gjennom intervjuet, og korrigere dersom det var noko dei meinte var feil, eller som dei ville endre på. Eg fekk tilbakemelding frå alle om at dei hadde lest intervjuet, ingen hadde noko å korrigere på det som var transkribert, men valte å leggje til informasjon dei var usikre på under intervjuet. Og denne informasjonen blei tatt med vidare i analysen.

### *3.5.2 Analysetrinn*

For å analysere datamaterialet valte eg å nytte systematisk tekstkondensering. Ei tverrgående analyse, som behandlar informasjon frå fleire trenarar (Malterud, 2008). Ein slik type tekstkondensering består av fire ledd, og Malterud (2008) forklarar det slik:

- 1: Lese gjennom, få eit heilheitsbilete og finne tema.
- 2: Organisere det som skal studerast, og skilje relevant frå irrelevant.
- 3: Systematisk hente ut meining ved å kondensere innhaldet.
- 4: Samanfatta det ein har funne.

Eg vil gi ei beskriving av korleis eg gjekk fram for å analysere datamaterialet med bakgrunn i dei fire ledda for tekstkondensering.

Det første steget etter å ha transkribert intervjuet var å lese gjennom alle intervjuet for å få ei oversikt og bli kjent med stoffet. Ved å lese gjennom ein gong til fekk eg ei endå betre forståing av materialet og såg kva opplevingar frå trenarane som gjekk igjen. Etter å ha lest gjennom intervjuet to gonger vart innhaldet samanfatta gjennom 8 tema eg meinte var relevant for problemstillinga og desse blei gitt midlertidige namn. Nokre av temaene var «heilårsidrett + treningar», «breidde», «lov å vere god» og «miljø».

I trinn to nytta eg dei foreløpige temaene til å velje ut meiningsberande einheiter. Og kvart tema vart tildelt ein fargekode. Det neste steget var å velje ut kva som var relevant og systematisere stoffet. Eg byrja å gå systematisk gjennom innhaldet, dette kallar Malterud (2008) for koding, for å identifisere alle meiningsberande einheiter. Intervjuet vart systematisk gjennomlest og meiningsberande einheiter blei merka med fargekode for tilhøyrande tema.

Ved hjelp av denne oversikta kom eg fram til nokre hovudkodar som var gjennomgåande for alle trenarane. Nokre tema vart endra ved at eg gjekk djupare inn i stoffet og fekk betre forståing av materialet. Til dømes vart «heilårsidrett + treningar» endra til koden «treningstilbod».

Trinn tre var å leggje vekk stoffet som ikkje var relevant. Eg tok utgangspunkt i kodane og den delen av teksten som var fargekoda. Og meiningar blei systematisk henta ut ved å kondensere dei meiningsberande einheitene. I denne prosessen såg eg at nokre kodegrupper hadde få meiningsberande einheiter, og desse falt frå, til dømes koden «krav utanfrå». Andre kodegrupper vart slått saman, «breidde» og «lov å vere god» vart slått saman til «fotball for alle». Frå 8 tema etter steg 1 sat eg igjen med 4 kategoriar.

Det siste steget var å lage ein innhaldsbeskriving for kvar kategori. Sitat vart funne for å bygge opp under kategoriane og for å gi ei tydelegare beskriving av opplevingane til trenarane.

Tabell 1. Analyseprosessen gjennom trinna frå Malteruds systematiske tekstkondensering (Malterud, 2008).

Trinn 1	Transkribering -> lese gjennom intervju -> foreløpige tema	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Intervjua blei transkribert</li> <li>- Leste gjennom intervjua for å bli kjent med stoffet</li> <li>- Lagde 8 foreløpige tema, utan å systematisere</li> </ul>
Trinn 2	Identifisere meiningsberande einingar -> skilje relevant frå irrelevant ved hjelp av fargekodar -> justere tema	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Meiningsberande einingar blei identifisert</li> <li>- Fargekodar blei nytta for å systematisere analysen</li> <li>- Tema blei justert</li> </ul>
Trinn 3	Dele inn i kategoriar -> kondensere innhaldet -> samanfatta kategoriar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Materialet blei sortert vidare i tilhøyrande kategori</li> <li>- Meininga blei henta ut og samanfatta kategoriane</li> </ul>
Trinn 4	Rekontekstualisere -> samanfatta teksten	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Det blei laga ei innhaldsbeskriving for kvar kategori</li> <li>- Sitat frå trenarane blei valt ut for å skildre opplevingane tydelegare</li> </ul>

### 3.6 Validitet, reliabilitet og generaliserbarheit

Validitet og reliabilitet er to sentrale omgrep i forskning, og kan vere to avgjerande feilkjelder i ei studie. I kvalitativ forskning er desse omgrepa vanskelege å nytte, då møte mellom forskar og trenar er ein unik tidsbestemt situasjon (Postholm, 2005). Begrepa pålitelegheit og truverdighet blir derfor nytta istadenfor når ein skal teste kvaliteten til ei kvalitativ studie (Postholm, 2005), og det er desse begrepa eg vil nytte vidare.

#### 3.6.1 Pålitelegheit (reliabilitet)

Pålitelegheit handlar om at ein annan forskar skal kunne få eit tilsvarande resultat ved å gjennomføre ei lik studie (Grønmo, 2011). Postholm (2005) skriv at kriteriet om at resultat kan reproduserast og gjentas ikkje er i samsvar med logikken i kvalitative intervju. Trenaren vil ikkje kunne repetere det som vart sagt, fordi ein ikkje hugsar, og fordi ein har fått auka innsikt i det første intervjuet, det vil derfor vere umogleg å gjenta eit intervju heilt likt (Postholm, 2005).

I eit intervju kan kommunikasjon vere ei mogleg feilkjelde, og fleire faktorar kan påverke datainnsamlingen. Det vil vere avgjerande at intervjuar ikkje stiller leiande spørsmål (Dalland, 2017), og mi forforståing har betydning for tolkingane eg har gjort av innsamla data. For å oppretthalde pålitelegheita i studien nytta eg intervjuguide, utan leiande spørsmål. Trenarane vart stilt dei same spørsmåla, men ikkje i same rekkefølge. Dette fordi kvart intervju var unikt, og spørsmåla vart stilt i ei rekkefølge som fekk samtalen til å flyte, basert på kva trenaren snakka om og valte å legge vekt på. Det var viktig å vere tydeleg i intervjuet for å sikre seg at trenaren har forstått spørsmålet. Dersom det var svar eller ting som var utydeleg for meg undervegs i intervjuet, så spurte eg opp igjen, for å vere sikker på at eg hadde forstått trenar rett.

#### 3.6.2 Truverdigheit (Validitet)

Truverdigheit handlar om gyldigheit ved resultat, om resultatata svarar på problemstillinga i studien (Grønmo, 2011). I kvalitativ studie vil truverdighet vere knytt til om forskarens målemetodar og funn reflektera formålet med studien (Postholm, 2005). Eg valte å nytte kvalitativ metode i form av intervju ettersom eg ville sjå nærmare på trenarar sine opplevingar om det sportslege tilbodet til jenter i Sogn og Fjordane fotballkrets. Eit intervju med moglegheit

til å gå i djupna og få tak i mykje informasjon ville gi meg meir informasjon, enn til dømes å nytte kvantitativ studie med mange trenarar, men utan moglegheit til å gå i djupna på same måte.

Ved å nytte intervju vil truverdigheit vere knytt til det trenaren seier, og trenar kan vere påliteleg eller upåliteleg (Postholm, 2005). I denne studien ville eg finne ut korleis opplevinga til trenarar var kring jentefotball i eigen klubb, det trenaren fortel reflektera sannheita om trenarens oppfatning. Undervegs i intervjuet hadde eg fokus på å stille korte og klare spørsmål. Dersom trenar ikkje forstod eller hørte kva eg sa, så gjentok eg det, og spurte opp igjen dersom eg synst noko var utydeleg, eller det var noko eg ville ha klarheit i. Ei truverdigheit på å at trenarane var ærlege og fortalte kva dei meinte, var at dei sjølv sa at eg kunne ta med ting i intervjuet. Til dømes trenar C «du kan berre ta med dette i intervjuet altså». Eller trenar F, som sa «det må du ikkje ta med, for då veit alle kven det er».

Det transkriberte intervjuet blei sendt til trenar for å auke truverdigheiten. Gjennomlesing og godkjenning av trenar sjølv, gav ei ekstra kvalitetssikring på at informasjonen eg hadde fått stemte (Grønmo, 2011). I dei to intervju som vart gjennomført over internett kunne det vere vanskeleg å oppfatte alt som var sagt og det var ikkje mogleg å lese trenarane på same måte undervegs. I tillegg til forstyrrende lydar og at nettet «fraus» i kortare periodar var eg usikker på om alt vart med i intervjuet, og eg opplevde det som ei ekstra styrke at dei to trenarane leste gjennom og godkjente.

### *3.6.3 Overførbarheit*

Overførbarheit handlar om at tolkingar og resultat eg har fått gjennom prosjektet kan overførast til å gjelde andre i liknande situasjonar (Dalland, 2017). Eg har innhenta data frå eit lite utval, i form av seks trenarar. Resultata eg har fått syner likevel same tendensar både i klubbane som vart intervju og noko av den tidlegare forskinga eg har nytta. Resultata kan derfor vere gjenkjenneleg og overførbart til andre klubbar.

Med bakgrunn i utvalet undersøkinga er utført på vil overførbarheita gi ei begrensing. Teorien er forankra i NFF sin topp/breidde modell, arenamodellen og retningslinjer dei har for fotballen, og dette kan avgrense resultata til å gjelde innad i Norge. Sogn og Fjordane har store geografiske avstandar som medfører utfordringar knytt til til dømes skule og kan derfor



overført til klubbar med like geografiske forhold.

### 3.7 Etikk

Kvalitativt forskingsarbeid inneber å utforske menneskelege prosessar eller problem, og har eit nært forhold mellom forskar og informantar (Postholm, 2005). Forholdet mellom forskar og informant har tre krav; informert samtykke, anonymitet og krav på å bli korrekt gjengjeve (Dalland, 2017). Gjennom kvalitative intervju fekk eg innblikk i trenaranes liv, opplysningar og informasjon kring prosjektet. Det var derfor faktorar som måtte bli tatt hensyn til knytt til etiske refleksjonar. Meldeplikt, informert samtykke og konfidensialitet.

#### 3.7.1 NSD

Før eg kunne sette i gong med datainnsamling måtte eg sende inn meldeskjema til NSD. Eg fekk først spørsmål om det var mogleg å gjenkjenne tredjepersonar gjennom intervju, dette kunne eg avkrefte. Etter eit par veker fekk eg svar om at behandlinga av personopplysningar i prosjektet ville vere i samsvar med personvernslovgivingen, dersom det vart gjennomført slik det var dokumentert i meldeskjemaet. Og arbeidet med datainnsamling kunne begynne. Godkjenning frå NSD er lagt ved i vedlegg 2.

#### 3.7.2 Informert samtykke

Ved forskning som omfattar menneske så er informert samtykke ein forutsetning (Malterud, 2008). Då eg hadde rekruttert trenarar, fekk dei tilsendt eit informasjonsskriv på e-post. Informasjonsskrivet beskrev tema og problemstilling for prosjektet, kva det innebar å delta i prosjektet, at dei kunne trekke seg når som helst, at det kun var eg og veiledarane som hadde tilgang til data som var samla inn, og at dei kunne kontakte meg eller veiledarar dersom dei hadde spørsmål. Informasjonsskrivet er lagt ved som vedlegg 1.

Nederst på informasjonsskrivet hadde eg ei samtykkeerklæring der trenaren skulle krysse av at dei hadde sagt ja til å stille til intervju, og skrive under på skjemaet. Før eg starta intervju forsikra eg meg om at trenar hadde lest gjennom informasjonsskrivet, og fortalte kort kva det innebar for dei å delta, og deira rettigheter. Då eg hadde to intervju over Zoom og Teams vart informasjonsskrivet underskrive på pc og sendt på e-post.

#### 3.7.3 Konfidensialitet

Trenarar som deltok i prosjektet har krav på at all informasjon om personlege forhold blir

behandla konfidensielt. Forskar må hindre bruk av opplysningar som kan skade enkeltpersonar som deltek i prosjekt (Postholm, 2005). Både i informasjonsskriv og muntleg fekk trenarar beskjed om at deltakinga var anonym, og verken namn på trenar eller klubb kom til å bli nytta. Allereie i transkriberinga valte eg å nytte bokstavane A-F på dei seks intervju, i staden for namn eller klubbnamn.

Ein faktor for at eg valte å kalle trenarane A-F i staden for å nytte klubbnamn er av hensyn til naboklubbar som ikkje deltok i prosjektet. Undervegs i intervju vart det snakka om samarbeid med naboklubbar og andre klubbar i nærleiken, der desse klubbane vart namngitt. Hadde eg valt å nytte klubbnamn på deltakarar i prosjektet hadde det vore mogleg å identifisere klubbar som ikkje deltok.

### 3.8 Metodediskusjon

Det vart nytta kvalitativ metode med djupneintervju for å undersøke opplevingane hjå eit lite utval fotballtrenarar. For å få svar hjå fleire trenarar kunne prosjektet vore gjennomført kvantitativ med spørjeundersøking. Men det hadde nok ikkje resultert i dei gode, djupe svara ein får ved moglegheita til å stille oppfølgingsspørsmål. Eit alternativ kunne vore å fokusgruppeintervju, og ein kunne fått fram fleire sider og opplevingar ved at trenarane fekk diskutere. På den andre sida er det ikkje sikkert trenarane ville snakka like fritt med andre til stades som kunne kjenne dei igjen.

Den største utfordringa i dette prosjektet var å få tak i informantar, og det tok lenger tid enn planlagt. Planen var å ha med 8 klubbar, 4 med damelag og 4 utan damelag men etter ein tidkrevjande prosess og utfordringar med å komme i kontakt med trenarar, stod eg igjen med 6 trenarar. 3 frå klubbar med damelag, og 3 frå klubbar utan damelag. Ved første utval hadde eg klare kriteria, men det var vanskeleg å følgje kriteria vidare for å rekruttere trenarar. Fokuset vart flytta frå å følgje kriterar og over til å rekruttere nok klubbar, der halvparten var med damelag og andre halvpart utan damelag. Kriteria som først vart utarbeida er derfor ikkje vektlagt i analysen, resultat og drøfting.

Arbeidet med analysen og å trekke ut det viktigaste frå dei transkriberte intervju var også ein prosess som tok tid. Dette var noko eg ikkje hadde gjort før og det tok tid å sette seg inn i korleis det skulle gjennomførast.

## 4.0 Resultat

Modell 2, arenamodellen (Larsen, 2011) og modell 3, ATDE-modellen (Henriksen, 2010) har utøvaren i sentrum. I denne oppgåva er utøvaren fotballspelarane. Eg har nytta ein metode der eg har intervjuat trenarane til spelarane om det sportslege tilbodet. Ein kan derfor sei at det er trenarane som er i sentrum av oppgåva. Likevel er det det sportslege tilbodet til jenter som har blitt undersøkt, og her er det spelarane som er i sentrum. Det sportslege tilbodet skal leggjast til rette av klubb og trenar, for at det skal vere best mogleg for alle spelarane.

Etter analysen sat eg igjen med fire kategoriar som skildrar sentrale deler av det sportslege tilbodet til jentene slik trenarane opplevde det. Kategoriane er kalla «treningstilbod», «klubbmiljø», «kjønn» og «fråfall».

### 4.1 Treningstilbod

Knytt til det sportslege tilbodet er treningskvardagen avgjerande. Det er klubb og trenar som har ansvaret for dette. ATDE-modellen til Henriksen (2010) syner at klubben står nærast utøvaren og påverkar utviklinga i størst grad. Treningskvardagen er den viktigaste arenaen for at spelarane skal få utvikle seg (NFF, 2020<sup>a</sup>), og ivareta spelarane basert på deira ambisjonar (Larsen, 2011).

#### 4.1.1 Sportsleg styring

Klubben har det operative ansvaret for treningskvardagen ved å fordele ressursar, treningstider og sørge for ein god klubbkvardag. Ved å utarbeide ein god sportsplan vil alle involverte i klubben ha retningslinjer å forhalde seg til og sikre god klubbdrift.

I klubbane med damelag kjente to av trenarane godt til sportsplanen og hadde retningslinjer dei måtte følgje. Dei opplevde at dette gjorde det lettare å vere trenar i klubben, då dei viste kva klubben stod for og verdiar som gjaldt. Trenar A fortalte at klubben hadde eit mål om å heve jentefotballen i klubben slik at dei fekk eit like godt tilbod som gutane. Jentesatsing i form av å ha med alle i fotballen og halde på dei lengst mogleg var eit punkt nedfelt i sportsplanen. Trenar måtte forhalde seg til dette og leggje til rette for fotball med plass til alle. Trenar B fortalte at sportsplanen la tydelege rammer for treningskvardagen i form av retningslinjer knytt til kompetanse hjå trenarar, hospitering, innhald og hyppigheit på

treningar. Dette gjorde kvardagen enklare ved å vete kva element som skulle vere til stades på trening for kvar treningsgruppe. Treinar C kjente ikkje til den nye sportsplanen, men var gjennom klubb likevel informert om dei viktigaste retningslinjene som måtte følgjast.

I klubbane utan damelag var det berre treinar F som kjente godt til sportsplanen, den vart likevel ikkje brukt aktivt i treningskvardagen. Og treinar valte å ta avgjerder som stod i strid mot sportsplanen, til dømes knytt til hospitering. Klubben hadde bestemt dei ikkje skulle drive mykje med det, men trenarar valte å gjere det på bakgrunn av at dei meinte hospitering var naudsynt for å sørge for utvikling hjå dei beste. Treinar D kjente litt til sportsplanen men brukte den ikkje, medan treinar E fortalte at klubben ikkje har noko sportsplan. I staden for å ha eit styringsdokument som la føringar for treningskvardag på vegne av klubben måtte dei ta avgjerdene sjølve. Og dei trenarane opplevde å stå meir åleine utan å ha klubben i ryggen.

#### *4.1.2 Trenarkompetanse*

I klubbane med damelag hadde treinar A og C grasrotkurset, og alle trenarane i klubbane utan damelag hadde den same utdanninga. Desse fem trenarane var i klubbar der det ikkje var noko krav til utdanning hjå trenarane, men eit ynskje frå klubbleiinga som dei la til rette for. Treinar B hadde UEFA B-lisens og han fortalte at klubben hadde krav om grasrotkurs opp til ein viss alder. I tillegg til at trenarane for dei eldste kulla skulle ha UEFA B-lisens.

Treinar B opplevde at krav til utdanning hjå trenarane var positivt ved at ein mistar dei som ikkje har særleg interesse for fotballen. Treinar D var einig i den grad at han opplever at foreldretrenarar kan vere sårbart, då det er avhengig av kva treinar laga får. Om trenarar vil bidra fordi dei brenn for fotballen, eller om dei er der fordi nokon må ta ansvar. På den andre sida trur treinar D at krav til utdanning kan få trenarar til å trekke seg på grunn av tidspress. Alle klubbane var breiddeklubbar tufta på frivilligheit med mange foreldretrenarar. Desse nytta mykje av si tid på å stille opp frivillig for å trene barn- og ungdom og gi dei eit tilbod. Og treinar D uttrykte seg slik:

«Du føler liksom at du driv med dette, og det tek enormt med tid. Og skulle du i tillegg reist på kurs og sånn, så hadde eg nok kanskje vore i tenkeboksen» (Treinar D).

Sjølv om trenarane ikkje har noko høg, formell utdanning innanfor fotballen hadde dei alle mykje erfaring både som trenarar og spelarar. Kompetanse dei har opparbeida seg gjennom

år innanfor fotballen var noko dei alle opplevde som positivt og som dei fekk nytta i kvardagen som fotballtrenarar for barn- og ungdom.

#### *4.1.3 Hospitering og differensiering*

Alle trenarane i klubbane med damelag nytta hospitering, både på tvers av lag og ved at jentene fekk trene saman med gutane. Trenarane opplevde dette som naudsynt for at dei beste jentene skulle få lov til å utvikle seg, ved at dei fekk tilbod om fleire treningar i veka. Hospitering var forbeholdt spelarane som var på sone- og kretslag. Det var opplevd som viktig for at spelarane skulle få utfordringar på eit høgare nivå og sikre at utviklinga deira ikkje stagnerer.

«Seksten spelarar på ei bane, så har du fire stykker som er gode, men så har du resten som er jentespelarar, unnskyld, men ikkje fotballspelarar» (Trenar C).

Slik forklarar trenar C nødvendigheita av å la dei beste jentene trene saman med gutar. Dersom dei berre får trene saman med jenter som er med for moro eller på eit dårlegare ferdigheitsnivå får dei ikkje høge nok utfordringar på trening. Dei beste jentene må få litt særbehandling og moglegheita til å utvikle sitt potensial.

I klubbane utan damelag nytta dei også hospitering, men i desse klubbane fekk alle som hadde lyst lov til å prøve seg, då klubbane ikkje hadde retningslinjer for det. Bortsett frå i klubben til trenar F, der det ikkje skulle vere mykje hospitering, men dei valte å nytte det likevel. Trenar D fortalte at hospitering er nødvendig med tanke på dei som er gode, då ein fort fell ned på nivået til dei svakaste på trening. På den andre sida opplevde han at klubben sitt fokus på å ha med alle og gi alle eit tilbod om hospitering kunne gå på bekostning av dei beste. At alle fekk hospitere kunne føre til at dei som hadde behov for større utfordringar ikkje fekk det, ved at mange med lågare ferdigheitsutvikling var med, og sa:

«Eg føler me har ein del å gå på for å leggje til rette for dei beste. Der er me litt svake og burde kanskje tatt nokon grep» (Trenar D).

Samtlege trenarar som deltok i prosjektet fortalte at dei prøvde å nytte differensiering på trening. Dei opplevde det som hensiktsmessig å dele laget opp i grupper etter ferdigheitsnivå, for å gi alle tilpassa utfordringar. Men ofte hadde trenarane meir enn nok med å berre sette

saman ei treningsgruppe med nok spelarar. For å sørge for utvikling og tilpassa utfordringar vart hospitering nytta i større grad enn differensiering.

Som me ser er «treningstilbod» sett saman av tre delar: klubben, trenarkompetanse og hospitering og differensiering. Resultata syner at klubbane med damelag har ei betre sportsleg styring enn klubbane utan damelag. Alle trenarane nytta hospitering i treningskvardagen, i klubbane med damelag var dette forbeholdt jentene på sone- og kretslag. I klubbane utan damelag fekk alle som ynskte lov til å prøve seg. Trenarane nytta også differensiering dersom dei hadde nok spelarar på trening.

## 4.2 Klubbmiljø

NFF sin visjon «fotball for alle» tyder at klubben skal ha plass til alle som ynskjer å spele fotball (Larsen, 2011). Eit godt miljø i både klubb og lag kan påverke ungdommen til å ville vere med lenger. Eit godt miljø er i tillegg avgjerande for å legge til rette for god utvikling (Henriksen, 2010).

### 4.2.1 Fotball for alle

Trenarane opplevde at dei jobbar for å inkludere alle i laget, dei er klar over at jentene som ungdommar vil få fleire gjeremål, og prøver gjere individuelle tilpassingar for å få med, og halde på så mange som mogleg. To av trenarane i klubbane med damelag opplevde at klubben hadde eit tilbod for alle som ville vere med i fotballen. Jentene er velkomne i fotballen på lik linje, uavhengig av ein er på ein eller fire treningar i veka. Trenar A fortalte at klubben ynskjer å ha med jentene lengst mogleg og då må ein leggje til rette for deira behov og at dei skal ynskje å vere med. Og opplevde at i den grad dei greide å vere fleksible med forventingar og krav greidde dei å halde på jentene lengst mogleg. Ein trenar uttrykte seg slik:

«Vi har aldri brukt pisk dersom det ikkje passar for nokon. Passar det ikkje den eine gongen, er du invitert med neste gong» (Trenar A).

Trenar A var i ein klubb der fokuset var å ha med alle lengst mogleg. Det ser ein igjen i sitatet over ved at ein ikkje har nokon krav til jentene for oppmøte. Dei får kome på dei treningane som passar, og får alltid vere med ved seinare anledningar.

Trenar B opplevde at ulike ynskjer for fotballen kunne vere utfordrande og gjere det vanskeleg

å leggje til rette gode treningar for alle. Og sa det slik:

«Det er litt skilje, for det er nokon som ser på fotball, som vil bli så gode som mogleg, medan nokon er fornøgd med sånn me har det og er der for det sosiale» (Trenar B).

Dette prega miljøet og trenar B valte å løyse det gjennom spelarmøte. Jentene fekk ei forståing ovanfor kvarandre om at nokon ynskte å trene mykje for å satse på fotballen medan andre ville vere med for moro. Dette gjorde det lettare å planleggje treningar, ved at gruppa skjønte at det måtte vere seriøst i den grad at spelarar skulle utvikle seg, men at det ikkje kunne vere seriøst heile tida, då noko berre var med for moro.

Trenar C opplevde at klubben har eit tilbod for alle, men at han som trenar ikkje har det. Han har kun eit godt tilbod for dei som møter på treningar og er fotballspelarar som ynskjer å utvikle seg. Og sa:

*Eg som trenar har tilbod for dei som ynskjer å møte på bana og spele fotball. No blir vell ledelsen i klubben sint på meg, men eg som fotballtrenar, om eg trenar eit jentelag på 15-17 eller om eg trenar ... i 4.divisjon, dei som vil spele fotball, møte på treningane og er fotballspelarar, dei har eg eit tilbod til. Ein stad å vere, det høyrer til andre plassar (Trenar C).*

Temaet om at alle skulle ha eit tilbod var noko som engasjerte trenar C, og han meinte at det har påverka kvinnefotballen i ei negativ retning. På 90-talet var kvinnelandslaget eit av dei beste i verda, og han opplever at ein var tøffare med jentene på denne tida. På den tida fekk jentene moglegheita til å utvikle seg, medan no skal alle få eit tilbod om å vere med. Jentene var også flinkare til å trene på eigahand før i tida. Dei var med venner på løkka og spelte fotball. Det gjer dei ikkje lenger. Dei gjer det i alle fall ikkje like mykje som før. For å endre den negative retninga kvinnefotballen går i meinte han me må sjå tilbake, og sa:

«Eg trur me må inn att med at flest mogleg jenter av dei beste får litt spesialbehandling for å bli endå betre. Og så bruke ein del jenter saman med gutar både på trening og kamp» (Trenar C).

I klubbane utan damelag var trenarane opptatt av å ha med alle jentene i fotballen, dette jobbar ein systematisk mot. Uavhengig av ferdigheiter og ambisjonar så er det plass til alle,

om ein vil trene ein gong i veka eller om ein vil trene mykje. At klubbane utan damelag vil ha med alle heng nært saman med at dei også er avhengig av alle for å stille lag. To av dei tek det opp slik:

«Det er ingen vi har nekta å vere med fordi dei ikkje er gode nok. Men det er klart det er fleire me har hatt lyst til å sende vekk, men me treng alle» (Trenar E).

«I og med at me er så få er eg avhengig av å ha med alle, uansett om ein vil trene ein gong i veka eller fire gonger i veka» (Trenar F).

Desse to sitata syner kor avhengig klubbane utan damelag er av å ha med alle som ynskjer i fotballen. Trenar E seier at han kunne tenke seg at nokon sluttar, noko som viser kor avhengig ein er av å ha med alle. Eit dårleg ferdigheitsnivå kan påverke laget, men at dei fell i frå kan bidra til at ein ikkje greier å stille lag.

I likheit med trenarane med damelag opplevde også trenarane frå klubbar utan damelag ei utfordring knytt til å leggje til rette treningane for at dei skal treffe flest mogleg. Dei skal treffe jentene som berre er med for moro og derfor ikkje ynskjer å ha det altfor seriøst. Og dei skal treffe dei 4-5 beste på laget som ynskjer å utvikle sitt potensial. Trenar F løyste dette ved å gi jentene litt frie tøyler i form av tull og tøys på oppvarming og i pausar, medan ein i øvingar og spel er meir seriøse.

For å sørge for at jentene hadde det moro på trening lot trenar F dei få lov til å høyre på musikk over høgtalar under oppvarminga, då dette bidrog til å auke motivasjonen hjå jentene. Medan trenar D la opp treningane med mykje spel og færre øvingar. Han var oppteken av at jentene var der for å spele fotball, ikkje for å ha fysiske treningar og individuelle øvingar. Og fortalte det slik:

*Dei er vortne så gamle no at dei vurderer å kutte ut fotballen, og då er det veldig viktig å ha det meir sosialt. Og leggje til rette for at det er sosialt så ein kan behalde dei. Dei fleste er jo ikkje der for å komme på PSG sant, dei er der for det sosiale og då må ein tenke deretter (Trenar D).*

#### 4.2.2 Miljøet i laget

Trenarane i klubbane med damelag hadde ei oppleving av at kulturen i laget veks fram berre



ved å vere i lag. Trenarane opplevde at miljøet i laget er bra og at jentene er ein fin gjeng, noko som er eit resultat av at dei har spelt fotball saman over lengre tid. I tillegg til at dei er saman på skulen og andre aktivitetar utanfor fotballen. Trenar A forklarte det slik:

«Det er kulturen som veks i ei gruppe gjennom fleire år, så nei det er ikkje noko spesielt fokus på kultur eller miljøbygging» (Trenar A).

I klubbane utan damelag opplevde trenarane at miljøet og det sosiale i laget var noko ein jobbar for gjennom å leggje til rette for at fotballen skulle vere for alle. Trenar D opplevde at ein gjer dette ved å leggje opp til morosame treningar der alle ynskjer å vere med, med fokus på å spele fotball, i tillegg til nokre sosial aktivitetar. Trenar E er trenar i eit samarbeidslag og opplevde at dei ikkje hadde noko anna val enn å jobbe med miljøet, då laget var prega av gjengar. Trenar F har fokus på sosiale aktivitetar utanfor fotballen, der dei har dugnad og samlar inn peng for å reise på turar. Alle trenarane i klubbane utan damelag opplever at ved å ha fokus på miljøet og det sosiale så ynskjer fleire å vere med.

#### *4.2.3 Andre interesser*

I klubbane med damelag prøvde dei å leggje til rette for at jentene skulle få drive med andre interesser. Ein prøvde å planleggje saman med dei andre idrettane innad i klubben slik at det går opp. Trenar A opplevde likevel at jentene ofte vel dei eine eller det andre når ein går over til ungdomsfotballen. Medan trenar B opplevde at det kunne variere ut frå kva trenar ein har. Sjølv om klubbane prøvde å leggje til rette for at jentene skulle få drive med det ein vil, kunne enkelte trenarar påverke. Trenar B la vekt på at nokon trenarar synest sin idrett er den viktigaste og dette var avgjerande for om det vart lagt til rette for å drive med fleire idrettar. Han uttalte seg slik:

«Veldig avhengig av om du har ein pappa- eller mammatrenar som meiner det eine eller det andre er det viktigaste i verden» (Trenar B).

Idrettsforbunda vart trekt fram som ei årsak til at det er vanskeleg å kombinere idrettar. Idrettane har blitt heilårsidrettar, og sesongane går over i kvarandre.

«Me har prøvd det. Men du veit, fotballen har vorte heilårs. No skal du ha KM og futsal midt i håndballen» (Trenar C).

I klubbane utan damelag prøver trenar E og F å leggje til rette for at jentene skal får drive med sine interesser. Det er små klubbar og då ein er avhengig av å ha med alle, så kan ein ikkje nekte jentene å vere med på andre ting, men planleggje ut frå deira ynskjer. Trenarane opplever at jentene har mange interesser og må få moglegheita til å drive med desse. Alternative aktivitetstilbod har blitt rikare, og ein uttrykk seg slik:

«Når eg var på den alderen så var det jo fotball alle spelte, men no er det håndball, ski og så mykje» (Trenar F).

Trenar D opplevde at ein ikkje greidde å leggje til rette for at jentene kunne drive med fleire idrettar. Fotball med treningar og cupar heile året tek mykje tid, og er vanskeleg å kombinere med andre idrettar og interesser.

«På eit stadie blir mengda så mykje at det let seg ikkje gjere på eit vis. Så at me legg opp til det, det kan eg vel eigentleg ikkje sei» (Trenar D).

Funna i kategorien «klubbmiljø» syner at trenarane opplever at som ynskjer å vere med å spele fotball får eit tilbod i klubben. I klubbane med damelag jobbar ein lite med miljøet- og det sosiale i laget, men opplever at miljøet er bra på bakgrunn av at gruppa har vore saman over tid. I klubbane utan damelag jobbar ein for eit betre miljø i laget, då dei er avhengig av å ha med alle for å stille lag.

### 4.3 Kjønn

Fotball er den største idretten blant både gutar og jenter, og dei skal ha eit likt tilbod uavhengig av kjønn (Larsen, 2011). Jente- og kvinnefotballen har blitt mykje diskutert i media då folk meiner dei får eit dårlegare tilbod samanlikna med gutar og menn. Dette var eit tema som skapte stort engasjement blant trenarane.

#### 4.3.1 Færre jenter

5 av 6 klubbar hadde fleire gutar enn jenter i klubben, i klubben til trenar E var det flest jenter. Og i alle klubbane hadde dei på herresida eit seniorlag. Trenarane jobbar for å ha med flest mogleg jenter og gi dei eit godt tilbod. Men dei opplevde at ei årsak til at jentene fekk eit dårlegare tilbod var at dei rett og slett var færre. Trenar F opplevde at det var ein stor skilnad i tal aktive spelarar i ungdomsfotballen basert på kjønn, og uttrykte seg slik:

«Gutelag kan vere 30-35 på trening, medan jentene er 10» (Trenar F).

Trenarane opplevde også at kulturen var annleis på gutesida enn på jentesida som eit resultat av at gutane var fleire. Jentesida er avhengig av absolutt alle for å stille lag, og fokuset på jentesida blir å ha med nok spelarar for å gi eit tilbod så lenge som mogleg. Trenar A fortalte at klubben hadde satt seg eit mål for bli like god på jentesida, nedfelt i sportsplanen. Grunna ulik kultur og fokus for fotballen er eit skikkeleg damelag noko som kjem til å ta lang tid å byggje opp.

«Vi har ein regionalplan for a-lag herrar, senior. Så har vi ikkje oppnådd det same på jente- og damesida endå, men vi har eit mål om det i sportsplanen (Trenar A).

#### *4.3.2 Meir seriøs med gutar*

Ei oppleving trenarane hadde var at i klubbar er ein meir seriøs med gutar tidlegare enn med jenter. Og at jenter ikkje blir ivaretatt på same måte for å utvikle sitt potensial. Dei meiner innstillinga til jenter er noko som må jobbast med, og at jenter ikkje skal bli dilla med og utsett for snillismen. Trenarane opplevde at når jentene er på fotballbana blir dei ikkje sett på som fotballspelarar på lik linje med gutane. Dette må ein jobbe for å endre på. Trenar C forklarte det slik:

«Er du på fotballbana er du fotballspelar, og skal ikkje dillast med fordi du er jente» (Trenar C).

I klubben trenar B var trenar for var det fleire jenter enn gutar i ungdomsfotballen. Likevel var det kun gutane i klubben som fekk eit samarbeid med hospitering med naboklubbar. Sjølv om dette også var eit ynskje på jentesida. Og han uttrykte sitt sin på dette:

«Det dreier seg kun om gutar» (Trenar B).

At gutane var viktigare enn jentene var noko trenar F også opplevde. Men klubben jobbar for å få eit betre tilbod på jentesida. Han meiner ein må følgje gutesida og vere meir seriøs med jentene tidlegare. For å bli meir seriøse og bli betre på jentesida har klubben satt seg eit mål:

«Me vil ha skikkelege trenarar på jentesida i likheit med gutesida» (Trenar F).

Trenar B trur synet til klubben og jentene sitt tilbod heng saman med tradisjonar og tru frå

gamle tider. Rundt klubben har ein mange personar som heng igjen i gamle tider og meiner gutane er viktigare. Han oppsummerte dette slik:

«Det er på ein måte ein tanke om at gutane er viktigare enn jentene» (Trenar B).

Fem av seks trenarar fortalte at det var fleire gutar i klubben, og at jentene fekk eit dårlegare tilbod i klubben. Trenarane opplevde at færre jenter bidrog til at dei ikkje blei prioritert. Medan ein skal vere seriøs med gutar tidleg, blir jentene dilla med og får ikkje utvikle sitt potensial. Ein trenar fortalte det var flest jenter, og hadde ikkje noko meir å sei om dette temaet.

#### 4.4 Fråfall

I ungdomsåra er det mange som vel å slutte med fotball. Det er få som vel å slutte med fotball før ein går over til ungdomsfotballen (Larsen, 2011). Andre interesser og fleire gjeremål bidreg til at ungdommen ynskjer å nytte tida si annleis. Og fråfall var eit tema alle trenarane hadde opplevd.

##### 4.4.1 Når skjer fråfallet

Trenarane i klubbane med damelag opplevde at spelarane valte å slutte med fotball før oppstarten av J15/17. Og at det er i denne alderen dei må jobbe for å greie å halde på fleire spelarar. Dei uttrykte seg slik:

«Me mistar nesten alle» (Trenar C).

«I fjor så var vi vell 20stk før overgangen til J15/17, og ved sesongstart så var det vell berre 12stk igjen» (Trenar B).

«I alderen 12 år så kan ein ha 14 spelarar, men når desse er 16 år skal ein ha flaks dersom ein fortsatt har 4 stykker med» (Trenar C).

I klubbane utan damelag opplevde trenarane at dei aller fleste jentene var med så lenge dei hadde eit tilbod i klubben. Trenarane opplevde at dei då, etter jentelaget, sluttar heilt med fotball og ikkje melder overgang til ein anna klubb. Dei trur det er mogleg å halde på fleire av desse jentene som vel å slutte, dersom ein greier å opprette eit samarbeid mellom klubbane. Slik at jentene får moglegheita til å bli kjent og slepp å ta steget heilt åleine. Trenarane

opplever at det ikkje er eit steg jentene tek åleine og uttrykte det slik:

«Det er liksom litt tøft å komme frå ein liten klubb, og så skal du vere med å spele der» (Trenar B).

«Dersom du kjem åleine i staden for i ei gruppe, så er det skummelt å ta kontakt med eit anna lag, dersom du ikkje kjenner nokon som spelar fotball» (Trenar E).

Trenar F hadde sjølv vore i kontakt med andre klubbar for å prøve å få til eit samarbeid. Han veit det er fleire lag som slit med å stille lag på grunn av få jenter, og trur dette kunne fått fleire til å vere med lenger.

*Me har vore i kontakt med hvertfall tre klubbar før sesongen i fjor, kan det vere aktuelt å samarbeide? Skal me få til noko? Og så er det då nokon som er totalt avvisande, mens andre var meir positive. Og så vart det strøke på grunn av koronaen i fjor (Trenar F).*

#### 4.4.2 Årsaker til fråfall

Trenarane i klubbane med damelag opplevde at årsakene til at jentene valte å slutte med fotball var naturlege, og at det ikkje var knytt til fotballtilbodet i klubben. Skule tek meir og meir tid, jentene får jobb på fritida, og har andre interesser dei ynskjer å drive med. Dersom ei jentene vel å slutte med fotball så opplevde også trenarane ei slags dominoeffekt av at venninnene også valte å slutte. Trenar C opplevde at ei mogleg årsak kunne vere at det vart stilt fleire krav i fotballen, til dømes ved treningar i helgane. Slik såg ein kven som verkeleg var interessert i fotballen og ynskje å vere med, på den andre sida kunne det også bidra til fråfall.

Trenar A og C, i klubbane med damelag opplevde at kretsen sitt krav til at spelarane på kretsleg må spele 11ar fotball var ei utfordring. Få spelarar i utgangspunktet på jentelag med 9ar fotball bidreg til at dersom 2-3 spelarar kan måtte skifte klubb for å spele 11ar fotball. Noko som i verste fall kan bidra til at dei andre jentene ikkje får eit tilbod i klubb, då ein ikkje har nok spelarar.

*Dei pressa gjennom 9ar fotball i klubbane, nasjonalt og krets, for det var det som var noko. Så skal me faen gå tilbake, for 9ar fotball er ikkje noko. I Nederland spelar dei juniorfotball 9ar opp til dei er 19 år. Så det var svære greier Og så kjem me no, så blir det at dei beste ikkje kan spele 9ar, dei snur alt på hovudet (Trenar C).*

I klubbane utan damelag opplevde ein også at jentene valte å slutte fordi venner sluttar, skule, fleire gjeremål og at ein ville bruke tida si på andre interesser. Ein årsak som vart lagt vekt på i klubbane utan damelag var geografi.

#### *4.4.3 Skuletilbod*

SFFK består av store geografiske avstandar og mange små klubbar. Då ungdommen går over til vidaregåande skule er det ikkje unormalt at dei må flytte, og dersom dei ynskjer å studere vidare flyttar veldig mange vekk.

Klubbane med damelag opplevde eit lite fråfall då jentene byrjar på vidaregåande skule, det var nokre som skifta klubb men trenarane opplevde at desse var gode nok til å ta steget. Desse hadde også vidaregåande skule i nærleiken og jentene er ikkje avhengig av å flytte for å kunne studere. Då dei er ferdige på vidaregåande vel dei fleste å flytte vekk for å studere.

Klubbane utan damelag har ikkje vidaregåande skule i nærleiken, og jentene er avhengig av å pendle, der også nokre vel å flytte vekk. Etter vidaregåande skule opplev trenarane at jentene flyttar vekk for å studere vidare. At jentene flyttar vekk er for klubbane utan damelag årsaka til at dei ikkje greier å stille damelag. Store avstandar bidreg også til at foreldre er ein bestemmingsfaktor for klubbane utan damelag. Dei er heilt avhengig av foreldre som stiller opp å køyrer på trening og kamp. Trenar D har opplevd at nokon foreldre ikkje ynskjer å bidra med å køyre, nokon som fører til at ungen ikkje kan vere med i fotballen.

Kategorien «fråfall» syner at i klubbane med damelag opplevde trenarane at jentene sluttar med fotball i overgangen til J15/17. I klubbane utan damelag opplevde trenarane at jentene var med til dei var ferdig på jentelaget, og dermed ikkje hadde eit tilbod i klubben lenger. Alle trenarane opplevde at skuletilbodet var ein faktor som bidrog til fråfall, då dei på eit eller anna tidspunkt må flytte vekk for å fortsette med studie. I klubbane med damelag skjedde dette som oftast etter vidaregåande skule. I klubbane utan damelag måtte fleire flytte for å gå på vidaregåande skule, og etter vidaregåande flyttar dei i alle fall.

## 5.0 Diskusjon

Formålet med dette prosjektet har vore å undersøke det sportslege tilbodet til jenter i SFFK, og få ei forståing av korleis trenarar opplever fotballtilbodet. I tillegg til å få eit innblikk i om det er forskjellar i det sportslege tilbodet til klubbar med damelag og klubbar utan damelag. Eg skal i dette kapittelet diskutere dei viktigaste funna eg har fått ved gjennomføring av intervju og analyse. Etersom ATDE-modellen til Henriksen (2010) var hovudmodellen i oppgåva har eg valt å dele diskusjonen i to kapittel: mikronivå – det idrettslege, og mikronivå – det ikkje idrettslege. Topp/breidde og arenamodellen til NFF (Larsen, 2011) vil bli nytta saman med større kontekstar på makronivå for å sjå korleis desse påverkar mikronivået og det sportslege tilbodet.

Problemstillinga for oppgåva var: *Korleis opplever trenarar det sportslege tilbodet for jenter i eigen klubb? Er det forskjellar i klubbane med og utan damelag?*

Seks trenarar har gjennom individuelle intervju fortalt om sine opplevingar om det sportslege tilbodet til jenter, som omfattar klubb, treningstilbod og miljø. Funna syner at trenarane opplever at dei legg til rette for at alle jenter som ynskjer å vere med skal få eit godt tilbod. Hospitering prega treningstilbodet for å sørge for at det er plass til dei som ynskjer å satse og dei som er med for moro. Men jentene blir endå ikkje prioritert på lik linje med gutane i klubbane. Geografiske avstandar i Sogn og Fjordane er ei utfordringar for klubbane, ungdommar må flytte for å gå på skule og små klubbar slit med å halde på jentene, ein avgjerande faktor til kvifor klubbar ikkje greier å stille damelag. Funna syner forskjellar i klubbane med damelag og klubbane utan damelag knytt til sportsleg styring, miljø og fråfall. Klubbane med damelag har ei betre sportsleg styring enn klubbane utan damelag. I klubbane med damelag jobbar ein lite med miljø og det sosiale i laget, og opplever at jentene fell frå i overgangen småjentelag til jentelag. Medan i klubbane utan damelag legg trenarane vekt på å jobbe med miljøet og det sosiale, og opplever at jentene er med så lenge dei har eit tilbod i klubben.

### 5.1 Mikronivå – det idrettslege

ATDE- modellen syner at det er klubben som står nærast utøvaren og har størst moglegheit til å påverke utviklinga (Henriksen, 2010). I ein treningskvardag er det trenaren som har ansvaret

for treningane, men det er klubbleiinga som har det øvste ansvaret for det sportslege tilbodet. Viktigheita av eit god treningstilbod er stor og treningskvardagen i klubben er den viktigaste arenaen for utvikling (NFF, 2020<sup>a</sup>). Smeland & Seippel (2015) skriv at sportsplanen skal innehalde retningslinjer kring differensiering og hospitering, i tillegg til ynskja kompetanse hos trenarar (Karlsen et.al, 2021). Og vil vere eit styringsdokument som skal gjere treningskvardagen i klubben enklare for dei involverte (NFF, u.å<sup>a</sup>). Trenarane i klubbane med damelag hadde retningslinjer ein måtte fylgje i treningskvardagen knytt til innhald på treningar, målsetting for klubben og hospitering. Som var med på å gjere kvardagen i klubben enklare ved at dei hadde eit styringsdokument å støtte seg til.

Dette kan me sjå i tråd med Madsen (2016) som skriv at sportsplan kan gi eit betre samarbeid mellom klubb og trenar. I tillegg til at verdiar, normer og reglar forankra i klubben vil skape eit betre fellesskap (Ronglan, 2013). Dette viser opplevingane frå trenarane i klubbane med damelag at stemmer. På den andre sida står trenarane frå klubbane utan damelag åleine, utan ein tydeleg sportsplan i ryggen. Dei opplever å stå meir åleine i treningskvardagen og må sjølv ta avgjerder, til dømes kring kven som skal få lov til å hospitere. Ved innblanding frå foreldre har dei heller ikkje tydelege retningslinjer å syne til, noko som kan bidra til konflikt. Funna i denne undersøkinga tyder på at sportsplan kan skape betre samhald i klubben og gjere treningskvardagen enklare for dei involverte.

Sportsplanar skal utarbeidast med bakgrunn i dei nasjonale retningslinjene for barne- og ungdomsfotballen (NFF, u.å<sup>a</sup>). Med mål om å skape gode fotballopplevingar og eit godt tilbod i eit godt og trygt miljø (Larsen, 2011). Treningstilbodet utgjer ein stor del av det sportslege tilbodet, klubben skal sørge for at lag har trenarar, og saman med trenar blir det lagt til rette for eit godt tilbod. NFF sin visjon *fotball for alle* (Larsen, 2011) og SFFK sin visjon om å *skape fotballglede* (NFF, 2017) vil leggje føringar for klubben og laget. Samtlege trenarar i denne undersøkinga opplever at klubben lever opp til dette og har eit tilbod for alle som ynskjer å vere med. Både dei som vil vere med for moro og dei som ynskjer å satse på fotballen. Ein av trenarane spesifiserte at han som trenar ikkje støtta opp om dette, og sa:

*Eg som trenar har tilbod for dei som ynskjer å møte på bana og spele fotball. No blir vell ledelsen i klubben sint på meg, men eg som fotballtrenar, om eg trenar eit jentelag på 15-17 eller om eg trenar ... i 4.divisjon, dei som vil spele fotball, møte på treningane*



*og er fotballspelarar, dei har eg eit tilbod til. Ein stad å vere, det høyrer til andre plassar (Trenar C).*

Utanom trenar C la trenarane opp til eit treningstilbod der alle var velkomne, uavhengig av om dei ville trene 1 eller 4 gonger i veka. Arenamodellen (Larsen, 2011) syner at det i ungdomstida er mange faktorar som kan påverke spelaren. Dette opplevde trenarane ved at jentene fekk fleire gjeremål. Dei jobba meir med skule, nokre hadde kanskje jobb på fritida og brukte meir tid saman med venner utanfor idretten. Dette syner at modellen til Henriksen (2010) er dynamisk ved at andre faktorar i ungdomstida vil påverke i større grad. Til dømes ved at skulearbeid tek større plass i ungdomstida enn det har gjort tidlegare. Interessa og ambisjonane spelarane har for fotballen kan ein sjå i samanheng med begrepa til Berntsen & Kristiansen (2018): «hedonia» og «eudaimonia». «Hedonia» tyder at ungdommen har ei «ha det gøy – innstilling», medan «eudaimonia» tyder at dei har ei utviklingsinnstilling der dei ynskjer å utvikle sitt potensial. Og uavhengig av innstilling skal dei få eit tilbod i fotballen (Larsen, 2011).

Trenarane opplevde at å nytte hospitering og ekstra var naudsynt for å sikre at alle fekk vere med i fotballen på sine eigne premissar og ambisjonar. Hospitering tyder at spelarane trenar saman med andre lag for å få utfordringar på sitt nivå, dersom laget ikkje dekka dette (Sæther, 2017). Dette kan skje både på tvers av kjønn og lag (NFF, u.å). I klubbane med damelag var det i klubben forankra tydelege retningslinjer for dette, og det var forbeholdt dei beste spelarane som var på sone- og kretslag. I klubbane utan damelag var det ikkje retningslinjer og alle som ynskte å hospitere fekk lov til å prøve seg. Bakgrunnen for dette var at utan retningslinjer opplever trenarar at de kunne skapt konflikt ved at foreldre blandar seg inn, dersom trenar sjølv tek avgjer knytt at nokre skal få lov medan andre ikkje får lov. Dette syner også korleis sportsleg styring frå klubben kan bidra i treningskvardagen.

NFF meiner at hospitering er eit godt hjelpemiddel for å sikre utvikling (Larsen, 2011). Dette står i tråd med opplevingane til trenarane, som opplever at det er naudsynt og at dersom ein ikkje let spelarane hospitere så vil utviklinga stagnere. Då dei beste spelarane i ein treningskvardag kun vil få motstand på likt eller lågare ferdigheitsnivå. I eit topp/breidde perspektiv der NFF og klubbane ynskjer å ha med alle så lenge som mogleg vil hospitering vere viktig. Ved trening på tilpassa ferdigheitsnivå med fokus på utvikling framfor resultat vil alle få

utvikle sitt potensial (Larsen, 2011). Ved å til rette leggje eit treningstilbodet tilpassa alle framfor å selektere på bakgrunn av ferdigheitsnivå kan ein greie å ha med alle.

Fotballaktiviteten i klubben er avgjerande for utviklinga og NFF vil styrke aktiviteten ved å utdanne fleire trenarar (Eggen, 2016). Trenar står nærast utøvaren i ein treningskvardag (Henriksen, 2010) og har ansvaret for trening og utvikling av spelarar. I denne undersøkinga hadde alle trenarane kompetanse i form av grasrottenarkurset i tillegg til at ein hadde UEFA B-lisens. Alle trenarane kom frå breiddeklubbar som bestod av foreldretrenarar. Barne- og ungdomsfotballen består i stor grad av frivilligheit ved hjelp av foreldretrenarar (Tuastad, 2017). Og Sæther (2017) skriv at desse ofte får kritikk på bakgrunn av manglande kompetanse. Men kva er egentleg ein god trenar? Er det den med mest fotballfagleg utdanning? Eller er det den som har ei god pedagogisk side? Eller kanskje litt av begge deler? Thoresen (2020) meiner at ein god trenar skapar både gode menneske og gode fotballspelarar. Og kanskje er dette ekstra relevant i ungdomsfotballen.

Ulike ynskjer og ambisjonar vil prege ungdommen (Larsen, 2011). Og kanskje er ein god trenar den som greier å leggje til rette for dei som vil satse på fotballen og utvikle sitt potensial. Men på den andre sida greier å halde på spelarane som er med for moro og får moglegheita til å utvikle seg personleg ved å vere med i ei gruppe. Det kan opplevast utfordrande å vere trenar i denne tida då dei skal lede laget (Ronglan, 2013) og ta hensyn til individuelle forskjellar (Seippel et.al, 2016). Ved å treffe alle spelarane med tilpassa øvingar og tilbod med fokus på utvikling kan ein halde på spelarar lenger (Larsen, 2011). I perspektivet med breidde- og toppidrett står dette sterkt. Ein ynskjer å jobbe med å rekruttere mange spelarar og halde dei så lenge som mogleg. Tanken er at dette skal bidra til å halde på mange spelarar i breidda og rekruttere nokre til toppen (Larsen, 2011). Eit godt miljø vil kan vere avgjerande for å halde på jentene (Karlsen et.al, 2021).

Trenarane i klubbane utan damelag opplevde det som naudsynt å jobbe med miljøet i laget for å ha med flest mogleg spelarar. Noko som heng nært saman med at dei var avhengig av å ha med alle for å gi jenter eit tilbod. Ved å finne på sosiale aktivitetar og bli kjent med kvarandre utanfor fotballen vil sosiale relasjonar bli sterkare og miljøet betre. Henriksen (2010) skriv at utøvarane blir påverka av miljøet dei utviklar seg i. Dette kan me sjå i tråd med praksisfellesskap og at læring er prega av konteksten det skjer i (Lave & Wenger, 1991). Kvar

klubb vil ha sine verdiar, normer og visjonar som legg føringar for fellesskapet (Ronglan, 2013) og fellesskapet vil ut frå det utvikle sin eigen identitet (Lave & Wenger, 1991). Kwart enkelt lag i klubben vil også vere eit eige fellesskap der dei med bakgrunn i retningslinjene frå klubben vil utvikle sin identitet (Ronglan, 2013). På den andre sida opplevde trenarane i klubbar utan damelag at sjølv om ein ikkje la ned tid og jobba med det så var miljøet godt og eit resultat over at gruppa hadde vore saman over tid. Dette ser ein også igjen ved at praksisfellesskap over tid vil utvikle både lagets ferdigheiter og fellesskapet (Ronglan, 2013). Alle trenarane hadde fått inntrykk frå spelarane om at miljøet i laget var godt, og det gir ingen fasit på korleis ein skal få eit godt miljø. Bakgrunnen for kor mykje jobb ein la ned i å få eit godt miljø heng moglegvis saman med at trenarane i klubbane utan damelag var avhengig av å ha med alle og at det skulle vere kjekt. Hadde dei hatt fleire spelarar og ingen problem med å gi eit tilbod dersom nokon fall i frå hadde dei kanskje ikkje lagt ned like mykje jobb i miljøet.

Sjølv om trenarane opplevde at dei saman med klubb la til rette for at alle skulle få vere med i fotballen ut frå sine ynskjer, og nytta hospitering for å tilpasse, opplevde dei at jentene ikkje hadde eit likt tilbod som gutar. Dette står i motsetnad til NFF sine tankar om at alle skal ha eit likt tilbod uavhengig av kjønn (Larsen, 2011). Ein kan sjå dette i ei større samanheng ved at FN har eit bærekraftsmål om likestilling innan 2030 (United Nations Global Compact, u.å). Sjølv om det stadig er fleire jenter og kvinner med i fotballen, og det på lik linje med gutar er den største idretten (Larsen, 2011), opplever trenarane at det ikkje er eit likt tilbod. Ein skulle kanskje tru at me i 2021 var kome lenger, men slik er det ikkje. Herrefotballen går framfor kvinnefotballen i media (Hjelseth & Hovden, 2014) ved at dei får meir peng og meir merksemd. At topp vil bidra til breidde er ein antaking, og i Norge står desse i avhengigheit til kvarandre. Ein tanke er at førebilete i fotballen kan inspirere unge utøvarar, dette syner funna til Rafoss & Tangen (2017) at ikkje stemmer. Korleis kan ein inspirere unge fotballjenter til å vere med i fotballen når deira potensielle førebilete får lite plass i media? Me ser lite til kvinnefotballen samanlikna med herrefotballen, eit syn som heilt ned på mikronivå kan gi unge jenter eit inntrykk av at gutane er viktigare. Og trenar B seier det tydeleg:

«Det er ein tanke om at gutane er viktigare enn jentene» (Trenar B).

Men er NFF sin tanke om at det skal vere likt er best? I Larsen (2011) står det at tilbodet skal vere likt, og i strategiplanen (NFF, 2020<sup>a</sup>) står det at kjønna skal ha eit likeverdig tilbod. På 9

år har ikkje denne målsettinga endra seg, og kanskje har ikkje NFF komme like langt i utviklinga som ein hadde håpa. Kanskje er tanken om at det skal vere likt for jenter og gutar i fotballen for ambisiøst? I staden for å samanlikne jentene med gutane og ta utgangspunkt i herrefotballen, kunne ein tatt utgangspunkt i jente- og kvinnefotballen og byrja der. I strategiplanen til NFF (2020<sup>a</sup>) er eit av punkta at ein skal styrke innsikta i utviklingsløpet til jenter. Og kanskje vil dette bidra til eit nytt syn på korleis ein skal leggje til rette for jentene og få kvinnefotballen på rett veg. Kvinner i fotballen er likevel på rett veg ved at store klubbar nyttar ressursar på å gi kvinner eit godt tilbod (Johannessen, 2019<sup>a</sup>).

Trenarane opplever at jentene blir dilla med og at ein er meir seriøs med gutane. Johannessen (u.å) skriv at mange foreldretrenarar i klubbane kan føre til at spelarane blir dilla med. Klubbane som deltok i prosjektet hadde alle foreldretrenarar, og det vart ikkje undersøkt kva kompetanse trenarane på gutesida hadde, dette kan derfor ikkje direkte knytast til å gjelde kun jentesida. Ein trenar sa likevel at det var betre trenarar på gutesida, der klubben har valt å prioritere at gutane skal ha trenarane med best trenarkompetanse. Larsen (2011) skriv at om ein spelar skal få utvikle sitt potensial må ein få god påverknad frå barnealder. Klubbane må frå barneår leggje til rette for at dei skal få moglegheita til å utvikle seg på lik linje med gutar. Alt treng nødvendigvis ikkje å vere likt i forhold til treningar og innhald. Men jenter må bli gitt dei same ressursane, gode trenarar og treningar, der dei som ynskjer får moglegheita til å utvikle sitt potensial. Ei moglegheit til å bli tatt seriøst, sjølv om ein berre er ei jente.

Ulikeheiter blant kjønna i klubben var noko som skapte eit stort engasjement i intervjuet, då trenarane opplevde at dette ikkje var rettferdig. Noko me ser i tråd med #MismaPasion som spreidde seg på sosiale medium, med bakgrunn i at jenter ikkje får eit likt tilbod som gutar, sjølv om dei har ein like sterk lidenskap for spelet (Westlye, 2021). ATDE-modellen til Henriksen (2010) er økologisk, som vil sei at utøvaren blir påverka av settinga ein er i. Jentene vil altså bli påverka av korleis miljøet i klubben er. At det er tydeleg ein prioritering av gutar både i klubben og i den større samanhengen er noko jentene vil få med seg. I tillegg til at personane i- og rundt klubben også kan bli påverka av større settingar knytt til kjønn som bidreg til resultatet det gir i klubben.

## 5.2 Mikronivå – det ikkje idrettslege

Sjølv om trenarane opplever at dei legg til rette for at alle skal få vere med i fotballen ut frå

sine premisser, har dei alle opplevd at jenter vel å slutte. I klubbane med damelag fell spelarane frå i overgangen frå småjentelag til jentelag, medan i klubbane utan damelag fell dei frå då dei er ferdige på jentelaget. Treinarane opplevde at fråfallet ikkje var knytt til sportslege årsaker, men at det kom av faktorar utanfor idretten.

ATDE-modellen til Henriksen (2010) syner at klubbkameratar kan påverke utøvaren på mikronivå. Treinarane opplevde at jentene valte å slutte på grunn av at vennene gjorde det, men at det ikkje var på bakgrunn av noko innanfor fotballen. Eg har derfor valt å ta med dette innanfor det ikkje-idrettslege, sjølv om vennene er med i fotballen. Modellen til Henriksen er dynamisk og syner kor skiftande miljøet rundt utøvaren er (Henriksen, 2010), dette opplever treinarane i ungdomstida ved at det ikkje-idrettslege tek større plass. Ved at venner, skule og tid utanfor idretten tek større plass.

Henriksen (2010) sin modell er som nemnt dynamisk ved kva faktorar som vil vere viktige for jentene. Treinarar opplevde at når jentene slutta med fotball så sluttar dei heilt med organisert idrett. Walseth et.al (2015) og Skauge & Raufoss (2020) fann funn som tyder på at jenter i ungdomsåra er opptatte av å vere sunne, tynne og valte å trene individuelt på treningssenter. Noko som heng saman med ungdomskulturen på makronivå (Henriksen, 2010) og vil påverke jentene.

Seippel (2005) skriv at ei av årsakene til at jenter vel å slutte er på grunn av venner. Treinarane eg intervjuar opplevde ei dominoeffekt, dersom ei jente slutta så ville vennene følgje etter. Seippel et.al (2016) beskriv sosiale relasjonar som viktig i idretten i ungdomstida, og at eit godt miljø kan vere avgjerande. Og kanskje er miljøet, utan at treinarane opplever det sjølv, svært viktig for at ungdommen vil vere med. I klubbane utan damelag jobbar ein med miljøet og greier å halde jentene i klubben så lenge dei har eit tilbod. Dette kan tyde på at jentene ynskjer å vere med når miljøet er godt og det er gode relasjonar i laget.

Ei årsak til at jentene sluttar var også at dei rett og slett ynskte å disponere tida si sjølv og nytte den på det dei ynskjer. Treinarane opplever at skule, andre interesser og jobb tek mykje tid, noko som heng saman med Larsen (2011) og Karlsen et.al (2021) meiner at om ein legg til rette for at jentene kan drive med andre ting greier ein å halde på jentene. Som nemnt opplever treinarane sjølve at alle får vere med og det er få krav til oppmøte på treningar. Likevel ser me at jentene vel å slutte med fotball, og at få krav ikkje nødvendigvis held jentene

i idretten.

Larsen (2011) skriv at ungdom kan velje å slutte med fotball i ungdomsfotballen, denne tida er meir prega av konkurranse, topping og ulik speletid. Breidde/topp modellen syner at det i alderen 13-16 skjer eit skilje mellom breidde og topp. Før oppstarten av jentelag (15-17år) er den tida trenarane i klubbane med damelag opplever at jentene fell i frå. Kanskje greier ein ikkje å gi eit godt tilbod til både breidda og toppen i laget, og dei som ikkje ynskjer ein konkurranseprega fotballaktivitet vel å slutte.

Sogn og Fjordane har i tillegg mange små klubbar og store geografiske avstandar, noko som påverkar fotballen i kretsen og er ei bestemmingsfaktor. Dei aller fleste må flytte for å kunne studere, i klubbane utan damelag såg ein tendensar til dette ved overgang til vidaregåande skule, og i klubbane med damelag skjedde det etter vidaregåande. Seippel (2005) skriv at flytting er ei årsak til at jenter vel å slutte med fotball. Svært få jenter vel å fortsette med fotball og skifte klubb då dei flytta, og i tråd med Larsen (2011) er det her eit stort potensial til å halde på fleire spelarar.

SFFK (NFF, 2017) har i kretshandboka nedfelt mål om at dei skal fokusere på jenter, kvinner og få til ei toppidrettssatsing. I tillegg til at ein av verdiane deira er «inkluderande». Opplevingane til trenarane tyder på at kretsen har ein veg å gå for å oppnå dette. På den andre sida syner funna at det er nok å spelarar å fokusere på medan dei jobbar for desse måla. Trenarane opplever også at det gjennom samarbeid med klubbar eller ved at krets tar ansvar for eit opplegg, er mogleg å halde på desse spelarane, men det er eit steg jenter ikkje tek åleine og eit samarbeid er naudsynt. Ved å til dømes la jenter hospitere med andre lag, som har vidaregåande skule i nærleiken, eller ha fellestreningar mellom klubbane inimellom kan ein opprette ein relasjon mellom lag og spelarar. Kanskje hadde ein greidd å halde på fleire spelarar, i alle fall til dei er ferdige på vidaregåande skule

Foreldre er ein del av mikronivå, men er ikkje tydeleg idrettsleg eller ikkje-idrettsleg. Med bakgrunn i opplevingane til trenarane er foreldre avgjerande med tanke på køyring, men ikkje i forhold til sjølve fotballaktiviteten. Henriksen (2010) skriv at familie kan påverke fotballtilbodet til ungdommen, og arenamodellen (Larsen, 2011) syner at familiesituasjonen kan påverke ungdommen. Trenarane opplevde som ei bestemmingsfaktor for at jentene skulle få lov til å vere med i fotballen. Store geografiske avstandar bidreg til at ein er avhengig av

foreldre som kører både på kamper og treninger. Små tettsteder og dårlig kollektiv trafikk resulterte i at dersom foreldre ikke ønsket å stille opp for å kører jenter, så var det jenter som ikke hadde mulighet til å være med i fotballen.

### 5.3 Holistisk – økologisk perspektiv

I dette prosjektet har jeg intervjuet seks trenere om hvordan de opplevde det sportslege tilbudet for jenter i egen klubb. Definisjon på sportsleg tilbud var, som nevnt, vanskelig å finne. Og jeg valgte å videreutvikle Seippel (2005) sin definisjon at det er faktorer innenfor idretten. I dette prosjektet omfattet det sportslege tilbudet klubben gjennom sportsleg styring, treningstilbudet de gav og miljøet spillerne var en del av.

ATDE-modellen til Henriksen (2010) har blitt nytt som hovedmodell i denne oppgaven støttet av arenamodellen (Larsen, 2011) og topp/breidde perspektivet (Larsen, 2011). Modellen til Henriksen er holistisk ved at den har et helhetlig syn på utvikling. Den beskriver mange faktorer som kan påvirke utøveren både i- og utenfor idretten, på mikro- og makronivå, og dynamisk ved at faktorer som påvirker utøveren kan endre seg. Arenamodellen (Larsen 2011) har blitt nytt for å støtte opp under den holistiske-tilnærminga ved å syne et helhetlig forståing av ungdommen og hvordan faktorer på mikro- og makronivå kan påvirke treningskvaliteten. Henriksen (2010) sin modell har også et økologisk- tilnærming ved at den fokuserer på at utøveren blir påvirket av settinga den er i. Breidde/topp perspektivet kan nyttast i denne tilnærming ved å syne hvordan klubb, krets og det nasjonale idrettsforbundet kan påvirke det sportslege tilbudet til spilleren med retningslinjer som skal gjelde for treningstilbudet. Det er vanskelig å anta noen som har potensial og kommer til å bli best (Larsen, 2011). Men ved å flytte fokuset vekk fra individet og over på miljøet kan man legge til rette for alle på en best mulig måte (Henriksen, 2010).

## 6.0 Oppsummering

Studien syner at trenarane i eit utval klubbar i Sogn og Fjordane opplever at det sportslege tilbodet er bra i den grad at alle får eit tilbod om dei ynskjer å vere med, eit. Trenarane prøver å leggje til rette med bakgrunn i spelarane sine ambisjonar, og hospitering står sterkt i klubbane for å oppnå dette. Studien viser at det endå er forskjellar mellom gutar og jenter i fotballen, og at det er ein veg å gå for likestilling. Mellom klubbane med damelag og klubbane utan damelag vart det funne nokre forskjellar. Klubbane med damelag hadde ei betre sportsleg styring enn klubbane utan damelag har. I klubbane med damelag jobbar dei lite med miljø og mistar spelarane før oppstarten av J15/17. I klubbane utan damelag jobbar ein med miljøet i laget og opplever at spelarane er med så lenge dei har eit tilbod i eigen klubb. Til slutt er geografiske avstandar i Sogn og Fjordane ei utfordring, då dei aller fleste på eit tidspunkt må flytte for å fortsette å studere.

### 6.1 Styrker og svakheiter

Dette forskingsarbeidet er basert på ei kvalitativ intervjustudie, som gir eit innblikk i trenarane sine opplevingar av det sportslege tilbodet til jenter i Sogn og Fjordane. Djupne intervju og ein intervjuguide med oppfølgingsspørsmål bidrog til at eg fekk gode og tydelege svar hjå trenarane. Med bakgrunn i studien sitt utval på seks trenarar er det ikkje mogleg å generalisere resultata. Det kan derimot bidra med informasjon om kva som kan påverke jentene til å vere med i fotballen, og korleis leggje til rette eit godt sportsleg tilbod for alle.

Eg har undervegs i heile prosessen med prosjektet prøvd å vere bevist på mi eiga forforståing kring tilbodet til jenter og prøvd å vere nøytral. Dette kan likevel påverke kva opplevingar frå trenarane eg har valt ut til å vere relevant for studien, og kan medføre at betydingsfulle opplevingar har blitt utelete. Eg har derfor prøvd å finne samanhengar i klubbane med damelag, og samanhengar i klubbane utan damelag og nytta dette som eit utgangspunkt.

For å få eit betre innblikk i det sportslege tilbodet til jenter ville det vore ei styrke å gjennomført intervju med spelarar også. Desse resultata syner opplevingane til trenarane, men det er ikkje gitt at desse stemme overeins med spelarane sine opplevingar.

### 6.2 Vegen vidare



Funna eg har gjort tyder på at SFFK har eit stort potensial for å halde på fleire jenter i fotballen i lenger tid. At spelarar sluttar heilt med fotball i staden for å skifte klubb, sjølv om dei hadde eit potensial for å bli gode var noko som overraska meg. Eit prosjektet om samarbeid mellom klubbane eller gjennom kretsen for å halde på fleire spelarar kunne vore spennande. Til dømes ved hospitering for alle som ynskjer, eller fellestreningar mellom laga.

Det kunne vore interessant å høyre fleire trenarar sine opplevingar knytt til det sportslege tilbodet til jenter, til dømes ved at trenarane fortalte om sine opplevingar og drøfta desse saman. Ei involvering og intervju av jentene, både dei som ynskjer å satse og dei som er med for moro hadde vore spennande, for å sjå om dei har dei same opplevingane kring om det sportslege tilbodet. Klubbane med damelag hadde lite fokus på miljø og mista spelarane før oppstarten av J15/17, her kunne det vore spennande å gjennomført eit prosjekt med fokus på miljø. For å få eit innblikk om det hadde bidrege til å halde på spelarane, og undersøke kor betydningsfullt miljøet er for jenter.

Ettersom kjønn var den kategorien der 5 av 6 trenarar var einige, og derfor den kategorien som hadde mest likskapar mellom klubbane med damelag og klubbane utan damelag, hadde denne vore interessant å forske vidare på. Til dømes ved å intervjuje trenarar og spelarar på jente- og gutesida og samanlikna tilbodet kjønna har.

## 7.0 Referanseliste

Abbot, A., & Collins, D. (2002). *A Theoretical and Empirical Analysis of a 'State of the Art' Talent Identification Model*. *High Ability Studies*, 13 (2), 157-178

Berg, M.F. (2020). *Norsk kvinnefotball er på vei inn i en ny æra*. Henta frå [Norsk kvinnefotball er på vei inn i en ny æra \(tv2.no\)](https://www.tv2.no)

Berntsen, H., Kristianse, E. (2018). *Perceptions of need-support when "having fun" meets "working hard" mentalities in the elite sport school context*. *Sports Coaching Review*, 9 (1)

Birkelund, M.S. (2016). *Mange jenter slutter tidlig med fotball, det vil NFF gjøre noe med*. Henta frå [Mange jenter slutter tidlig med fotball. Det vil NFF gjøre noe med \(aftenposten.no\)](https://aftenposten.no)

Bukve, O. (2016). *Forstå, forklare, forandre. Om design av samfunnsvitenskaplege forskingsprosjekt*. Oslo: Universitetsforlaget

Cambridge Dictionary. (u.å). *Experience*. Henta frå [EXPERIENCE | meaning in the Cambridge English Dictionary](https://dictionary.cambridge.org/)

Carlsen, K.H. (2017). *Differensiering versus topping*. Henta frå [Fotball-for-Kids-Differensiering-versus-topping.pdf \(fotballforkids.no\)](https://www.fotballforkids.no)

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. (6. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk

Det norske akademisk ordbok. (u.å). *Trivsel*. Henta frå [trivsel - Det Norske Akademis ordbok \(naob.no\)](https://naob.no)

Eggen, D. (2016). *Om NFF trenerutdanning*. Henta frå [Om NFF trenerutdanning - Norges Fotballforbund](https://www.fotballforbundet.no)

Fasting, K., Sand, T.S. (2009). *Kjønn i endring – en tilstandsrapport om norsk idrett*. Oslo: Akilles

Flem, A.H. (2009). *Ungdomsfotballens tre grunnverdier*. Henta frå [http://www.fotball.no/Barn\\_og\\_ungdom/Ungdomsfotball/Retningslin \(oltedal-fk.com\)](http://www.fotball.no/Barn_og_ungdom/Ungdomsfotball/Retningslin)

Grønmo, S. (2011). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget

Haavik, Y. (2017). *NFF satser på kvinnefotball*. Henta frå [NFF satser på kvinnefotball - Norges Fotballforbund](#)

Haavik, Y. (2020). *NFFs økonomikrav til politikerne*. Henta frå [NFFs økonomikrav til politikerne - Norges Fotballforbund](#)

Hanstad, D.V. (2011). *Skaper toppidrett bredde?* Henta frå [Skaper toppidrett bredde? | Norges idrettshøgskole \(nih.no\)](#)

Hanstad, D.V., Skille, E.Å. (2010). *Does Elite Sport Develop Mass Sport? A Norwegian Case Study*. Scandinavian Sport Studies Forum. 2010, 1, S.51 – 68

Helgesen, Ø., Glavee-Geo, R., Mustafa, G., Nettet, E., Rice, P. (2019). *Modeller (models)*. Universitetsforlaget

Henriksen, K. (2010). *The ecology of talent development in sport: A multiple case study of successful athletic talent development environments in Scandinavia*.

Hjelseth, A., Hovden, J. (2014). *Negotiating the status of women's football in Norway. An analysis of online supporter discourses*. European Journal for Sport and Society. 11 (3), 253-277

Howe, M. J. A., Davidson, J. W., & Sloboda, J. A. (1998). *Innate talents: reality or myth?* Behavioral & Brain Sciences, 21(3), 399-407.

Ingebrigtsen, J. E. (2012). *Ungdomsidrett i endring- tallenes tale om norsk ungdomsidrett 2006-2011*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning AS. Senter for idrettsforskning

Johannessen, M.S. (u.å). *Vil kvinnefotball noen gang bli likestilt med herrefotball?* Henta frå [Vil kvinnefotball noen gang bli likestilt med herrefotball? – Vardmagasinet](#)

Johannessen, S. (2019<sup>a</sup>). *Disse gigantklubbene satser stort på sine kvinnelag: - På tide de kom på banen*. Henta frå [Disse gigantklubbene satser stort på sine kvinnelag: - På tide de kom på banen \(tv2.no\)](#)

Johannessen, S. (2019<sup>b</sup>). *Aldri før har flere jenter spilt fotball: - Ambisjonene på vegne av jenter og kvinner i fotballen er høye*. Henta frå [Aldri før har flere jenter spilt fotball: - Ambisjonene](#)

[på vegne av jenter og kvinner i fotballen er høye \(tv2.no\)](#)

Karlsen, E.K., Ringstad, J.K., Olsen, C., Kjølvik, R. (2021). *Håndbok for Den gode klubben for jenter*. Henta fra [Håndbok for Den gode klubben for jenter - Norges Fotballforbund](#)

Klomsten, A.T., Marsh, H.W., Skaalvik, E.M. (2005). *Adolescents' Perceptions of Masculine and Feminine Values in Sport and Physical Education A Study of Gender Differences*. *Sex Roles* 52 (9/10), 625 – 636

Krizat, L. (2019). *Som fotballtrener ser eg en klar forskjellsbehandling på fotballbanen*. Henta fra [Som fotballtrener ser jeg en klar forskjellsbehandling på fotballbanen | Leo Kriszat \(aftenposten.no\)](#)

Kvalitetsklubb. (u.å). *Sportsplan*. Henta fra [sportsplan.pdf \(fotball.no\)](#)

Lave, J. & Wenger, E. (1991). *Situated learning – legitimate peripheral participation*. Cambridge: Cambridge University Press.

Lesjø, J, H. (2008). *Idrettssosiolog - sportens ekspansjon i det moderne samfunnet*. Oslo: Abstrakt forlag

Madsen, C. (2016). *Grasrottreneren lansert – et løft for trenere i barne- og ungdomsfotball*. Henta 01.03.2021 [Grasrottreneren lansert - et løft for trenere i barn- og ungdomsfotball - Norges Fotballforbund](#)

Malterud, K. (2003). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning – en innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.

Moribak, A. (2020). *Spillerutvikling/talentutvikling i et historisk perspektiv*. Henta fra [Spillerutvikling/talentutvikling i et historisk perspektiv \(fotballtreneren.no\)](#)

Norges Fotballforbund & Larsen, Ø. (Red). (2011). *Flest mulig - lengst mulig - best mulig: Den store barne- og ungdomsfotballboka*. Oslo: Akilles forlag.

Norges Fotballforbund. (u.å<sup>a</sup>). *Retningslinjer for barne- og ungdomsfotballen*. Henta fra [Retningslinjer for barne- og ungdomsfotball - Norges Fotballforbund](#)

Norges Fotballforbund. (u.å<sup>b</sup>). *Kvalitetsklubb*. Henta 20.04.2021 [Kvalitetsklubb - Norges Fotballforbund](#)

Norges Fotballforbund. (2020<sup>a</sup>). *Fotball for alle – glede, drømmer og fellesskap. Strategiplan 2020-2023*. Henta frå [Strategiplan 2020-2023 - Norges Fotballforbund](#)

Norges Fotballforbund. (2020<sup>b</sup>). *Årsrapport 2020*. Henta frå [Årsrapport NFF 2020 \(adobe.com\)](#)

Norges Fotballforbund. (2021<sup>a</sup>). *Norsk breddefotball – en rapport om nytte og gleden*. Henta frå [3 Bonvik NFF Breddefotball Rapport 070521 \(fliphtml5.com\)](#)

Norges Fotballforbund, Sogn og Fjordane. (2021<sup>b</sup>). *Årsmelding NFF Sogn og Fjordane 2020*. Henta frå [sffk\\_arsmelding2020.pdf \(fotball.no\)](#)

Norges Idrettsforbund. (u.å). *Hvem er vi?* Henta frå [Hvem er vi? \(idrettsforbundet.no\)](#)

Postholm, M.B. (2005). *Kvalitativ metode – en innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. Oslo: Universitetsforlaget

Rafoss, K., Tangen, J.O. (2017). *Den norske idrettsmodellen – i utakt med tiden?* Norsk sosiologisk tidsskrift 02/2017 (volum 1)

Ronglan, L, T. (2013). *Lagspill, læring og ledelse. Om lagspillenes didaktikk*. Oslo: Akilles forlag.

Rundberg, M. (2009). *Wengers praksisfellesskap*. Henta frå [Wengers praksisfellesskap.pdf](#)

Rødland, A.W. (2018). *Vil kvinnefotball noen gang bli bare fotball?* Henta 24.02.21 [Vil kvinnefotball noen gang bli bare fotball? | Kilden \(kjonnsforskning.no\)](#)

Seippel, Ø. (2005). *Orker ikke, gidder ikke, passer ikke? Om frafallet i norsk idrett*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning

Seippel, Ø., Sisjord, M.K., Strandbu, Å. (2016). *Ungdom og idrett*. Oslo: Cappelen Damm Akademiske

Selnes, M., Marthinsen, K., Vittersø, J. (2014). *Hedonisme og eudaimonia: To separate dimensjoner av livskvalitet?* [Hedonisme og eudaimonia: To separate dimensjoner av livskvalitet? | Tidsskrift for Norsk psykologforening \(psykologtidsskriftet.no\)](#)

Skauge, M., Rafoss, K. (2020). *Kjønnen trening som uttrykk for kjønnen mening?* Tidsskrift for kjønnsforskning, 44 (3): 217-230

Smeland, F., Seippel, Ø. (2005). «For vi kommer ikke til å sitte i styret i all evighet» - En studie av norske fotballklubbers arbeid med Kvalitetsklubb. Henta frå [rapport-for-vi-kommer-ikke-til-a-sitte-i-styret-i-all-evighet.pdf \(nih.no\)](#)

Sæther, S. A. (2017). *De norske fotballtalentene. Hvem lykkes og hvorfor.* Oslo: Universitetsforlaget.

Teigen, K.H. (2020). *Opplevelse.* Henta frå [opplevelse – Store norske leksikon \(snl.no\)](#)

Teigen, K.H. (2021). *Erfaring.* Henta frå [erfaring – Store norske leksikon \(snl.no\)](#)

Thoresen, I. (2020). *Vold og trusler i fotballen: - Treneren er en rollemodell.* Henta frå [Vold og trusler i fotballen: – Treneren er en rollemodell \(fotballtreneren.no\)](#)

Tuastad, S. (2017). *The Scandinavian sport model: myths and realities. Norwegian football as a case study.* Soccer & Society, 1-19

Walseth, K., Aartun, I., Engelsrud, G. (2015). *Girls' bodily activities in physical education. How current fitness and sport discourses influence girls' identity construction.* Sport: Education and Society 22 (4): 442 - 259

United Nation Global Compact. (u.å). *Bærekraftsmålene.* Henta frå [Bærekraftsmålene - UN Global Compact Norway](#)

Westlye, P. (2021). *Samme lidenskap.* Henta frå [Samme lidenskap – Ytring \(nrk.no\)](#)

## VEDLEGG 1 - Informasjonsskriv

# Vil du delta i forskningsprosjektet

### ***”Sportsleg tilbud for jenter i Sogn og Fjordane fotballkrets”***

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskningsprosjekt med formål om å undersøke korleis du som trenar opplever det sportslege tilbudet for jenter i eigen klubb. I dette skrivet gir me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltakelse vil innebere for deg.

## Formål

Prosjektet er ei masteroppgåve med formål om å belyse sportslege tilbud i klubbar med og utan damelag i Sogn og Fjordane fotballkrets.

Problemstillinga som skal undersøkast er «*Korleis opplever trenarar det sportslege tilbudet for jenter i eigen klubb?*»

### **Kven er ansvarleg for forskningsprosjektet?**

Høgskulen på Vestlandet.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

For å undersøke problemstillingen er det ynskjeleg å intervjuje trenarar med hovudansvar for J15/17 i fotballsesongen 2019, for å få deira tankar og opplevingar om det sportslege tilbudet til jenter i eigen klubb. J15/17 er valgt då det for klubbar utan damelag er det siste laget på

jentesida ein har moglegheit å spele for i eigen klubb. Medan det for klubbar med damelag blir ein forbindelse mellom J13/14 og damelaget.

Utvalget er basert på klubbar som stilte lag i avdeling J13/14, J15/17 og eventuelt damelag i sesongen 2019. 4 klubbar med damelag og 4 klubbar utan damelag har fått førespurnad om å delta i undersøkinga.

## Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du ynskjer å delta i prosjektet vil dette innebere eit intervju på ca 30.min. Intervjuet vil innehalde spørsmål knytt til sportslege rammer rundt jentefotballen i klubben. Til dømes trenarkompetanse, konkurranse, hospitering, differensiering og rekruttering i klubben. Det vil bli nytta lydopptak i intervjuet.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å oppgi nokon grunn. Alle dine personopplysingar vil då bli sletta. Det vi ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

### **Ditt personvern – korleis me oppbevarar og brukar dine opplysningar**

Me vil berre bruke opplysningane om deg til formåla me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Det er kun student og veileder som vil ha tilgang til opplysningane. For å sikre at uvedkommande får tilgang på personopplysingar vil navn og kontaktopplysingar bli erstatta av kodar, som lagrast på navneliste adskilt frå øvrige data. Opplysningar som vil bli publisert er



svar ein får undervegs i intervjuet. Både intervjuobjekt og namn på klubb vil vere anonymisert i oppgåva.

### **Kva skjer med opplysningane dine når me avslutter forskningsprosjektet?**

Opplysningane anonymiserast når prosjektet avsluttast/oppgåva er godkjent, noko som etter planen er juni 2021.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane
- å få retta personopplysningar om deg
- å få sletta personopplysningar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysningar

### **Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?**

Me behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Hvor kan jeg finne ut mer?**

Dersom du har spørsmål til studien, eller ynskjer å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

Høgskulen

på

Vestlandet

Student: Marthe Kveane: [579238@stud.hvl.no](mailto:579238@stud.hvl.no), 99409778

Veileder: Vegard Fusche Moe: [vegard.fusche,moe@hvl.no](mailto:vegard.fusche,moe@hvl.no)

Veileder: Birte Barsnes Frøyd: [birte.barsnes.froyd@hvl.no](mailto:birte.barsnes.froyd@hvl.no)

Vårt personvernombud: [trine.anikken.larsen@hvl.no](mailto:trine.anikken.larsen@hvl.no)

Hvis du har spørsmål knyttet til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

Vegard Fusche Moe

Birte Barsnes Frøyd

(Forsker/veileder)

Marthe Kveane

(Student)

---

## Samtykkeerklæring

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet [*sett inn tittel*], og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i intervju

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet

-----

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

# VEDLEGG 2 – Godkjenning frå NSD

## NSD sin vurdering

### Prosjekttittel

Sportsleg tilbud for jenter i Sogn og Fjordane fotballkrets

### Referansenummer

884204

### Registrert

01.09.2020 av Marthe Kveane - 579238@stud.hvl.no

### Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for idrett, kosthald og naturfag

### Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Vegard Fusche Moe , vegard.fusche.moe@hvl.no, tlf: 57676037

### Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

### Kontaktinformasjon, student

Marthe Kveane, marthekveane@gmail.com, tlf: 99409778

### Prosjektperiode

01.08.2020 - 15.06.2021

### Status

18.09.2020 - Vurdert

### 18.09.2020 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet 18.09.2020 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: [https://nsd.no/personvernombud/meld\\_prosjekt/meld\\_endringer.html](https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html)

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

### TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 15.06.2021.

### LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

### PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

### DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

#### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Marita Ådnanes Helleland

Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

## VEDLEGG 3 – Intervjuguide

### JENTER I KLUBBEN

1. Kor mange jenter er det på laget?  
Kor mange jentelag er det i klubben?  
→ Kor mange aktive jenter  
Kor mange gutelag/aktive gutar

### TRENARKOMPETANSE

2. Kva kompetanse har du?  
Kor mange trenarar er det på laget?  
→ Kva rolle har desse  
→ Foreldretrenarar/profesjonelle trenarar  
→ Kva yrke er det trenarar har?  
Kva krav har klubben til trenarutddaning?  
Trenarutviklar, trenarkoordinator?  
Kjenner du til sportsplanen til klubb?  
→ Vært med å utvikle  
→ Likt for gutar og jenter

### TRENINGSTILBOD

3. Korleis er treningsfasilitetane?  
Kor mange økter er det i veka?  
Er det tilbod for treningar heile året?  
→ Lagt til rette for å drive med andre idrettar  
→ Konkurransen mellom idrettane  
Hospitering mellom lag?  
→ Dei beste eller alle?  
Blir det nytta differensiering på trening?  
→ Variasjon  
Topping eller breidde?  
→ speletid

Har ein treningstilbod i klubb utanom lagstreningar?

Samarbeid med krets?

→ Spelarar som har vært innoim sone/krets

### **TRENINGSMILJØ**

4. Korleis er miljøet rundt laget?

Fokus på det sosiale?

Seriøst eller kun for moro?

→ Utvikling/resultat

Får alle drive fotball ut frå deira premissar?

→ Korleis møte ullik motivasjon til å vere med

→ Ambisjonane til klubb/trenar

### **FRÅFALL**

5. Er det mange som sluttar når ein går over til ungdomsfotball?

→ Når vel spelarar å slutte

→ Kvifor sluttar dei

Jobbar klubben direkte mot å hindre fråfall?

→ Korleis

Korleis blir det jobba med rekruttering i klubben?

→ Voksne eller kun barn og ungdom

→ Miniakademi/akademi

Får/mistar ein spelarar ved overgang til vidaregåande skule?

→ Hjelp til spelarar for å finne nye klubbar

→ krets

### **FOKUS PÅ JENTER I KLUBB**

6. Er det tiltak direkte retta mot jenter i klubben?

→ Jenteansvarleg

Er det likt for jenter og gutar i klubben?

→ Like lett å rekruttere jenteforeldre som gutteforeldre

→ Like lett å rekruttere sponsorar til damelag

→ Reise gutar og jenter på dei same cupane

→ Balljenter/ballgutar på seniorkampar

Er tilbodet likt for jenter og gutar i coronatiden?

Blir det jobba for å behalde jenter i klubben dersom dei sluttar?

→ Trenarkurs

→ Dommarkurs

→ Bidra på andre måtar rundt lag og fotballen